

Innhald

Om kommuneplan og kommuneplanens arealdel.....	5
Bakgrunn for planarbeidet	5
Nasjonale og regionale føringar	6
Nasjonale forventningar til regionale og kommunal planlegging	7
Medverknad	8
Plandokumentet.....	9
Arealplankartet.....	9
Framtidige arealformål.....	10
Forslag til arealbruksendring som er vurdert og ikkje tatt med.....	10
Endringar som er gjort i planforslaget frå 1. gongs høyring.....	12
Endringar som er gjort i planforslaget frå 2. gongs høyring og til 3. gongs høyring	14
Endringar som er gjort i planforslaget frå 3. gongs høyring og til godkjenning av kommuneplanens arealdel.....	16
Område for bustader.....	16
Vågåmo.....	18
Lalm	18
Andre delar av kommunen.....	18
Område for fritidsbustader	19
Område for sentrumsformål og definisjon av indre sentrumssone.....	21
Todelt senterstruktur og definisjon av kjerneområde	23
Område for offentleg eller privat tenesteyting.....	24
Område for fritids- og turistformål	24
Område for råstoffutvinning	25
Område for næring.....	25
Område for idrettsanlegg.....	28
Område for grav- og urnelund	28
Område for kombinert bygging og anleggsformål	28
Område for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	29
Kortbaneflyplass på Grov	29
Gang- og sykkelveger.....	29
Grønstruktur.....	29
Landbruk-, natur- og friluftsområde samt reindrift (LNFR-område).....	30
LNFR-område, spreidd bustad.....	30

LNFR-område, spreidd fritidsbusetnad	31
LNFR-område, spreidd næringsverksemd	31
Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone.....	32
Omsynssoner	32
Sikrings-, støy og faresoner	32
Omsynssone støy.....	32
Omsynssone snøskred.....	32
Omsynssone steinsprang - aktsemdsområde.....	33
Omsynssone jord- og flomskred - aktsemdsområde.....	33
Omsynssone flom - aktsemdsområde	33
Omsynssone reell flom Vågåmo	33
Omsynssone reell skredfare	33
Omsynssone for kraftline–høgspenningsanlegg	33
Omsynssone sikringssone drikkevatt for: Tessand, Vågåmo, Stokstadåsen, Brennsletten, Lalm, Sjørdalen og Lemonsjøen.	33
Sone med særlege omsyn	34
Område med særleg verdifullt landbruk	34
Område med særleg viktig naturmiljø og omsyn landskap.....	34
Område med særleg verdifullt kulturlandskap/kulturminne	34
Omsynssone bevaring av naturmiljø	35
Sone for bandlegging.....	36
Sone som er bandlagt etter lov om kulturminne	36
Sone som er bandlagt etter lov om naturvern.....	36
Detaljeringssoner	37
Planen sin verknad	37
Konsekvensutgreiing	37
Arealrekneskap og dyrka mark.....	37
Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)	38
Innleiing	38
Status.....	38
Tema for vurdering av ROS.....	39
Naturgitte tilhøve–nedbør, overflatevatn, flom og ras.....	39
Støy.....	41
Høgspenning og stråling.....	41


Radon.....	42
Infrastruktur – Alvorleg trafikkulykke.....	42
Ulovleg verksemd- terrormål og bortfall av kritisk infrastruktur	43
Større brannfare og brannfare knytt til bygningsmasse	43
Naturmangfald	43
Landskap, kulturlandskap og kulturminne	44
Metodikk	44
Analyseobjekt	46
Bustad.....	46
Fritidsformål	46
Fritids- og turistformål.....	46
Råstoffutvinning	46
Næringsareal	47
Grave- og urnelund.....	47
Kortbaneflyplass	47
Gang- og sykkelveger.....	47
LNFR, spreidd bustad.....	47
LNFR, spreidd næring	47
Bruk og vern av sjø og vassdrag	47
Analyseskjema	48
Avbøtande tiltak	51
Samla vurdering.....	56
Plandokument	56

Om kommuneplan og kommuneplanens arealdel

Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen (kommuneplanens arealdel). Samfunnsdelen skal gje føringar for arealdelen, slik at kommuneplanens arealdel skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal vere eit kartmessig bilete av prioriteringar og strategiar i samfunnsdelen. Kommuneplanens arealdel blir utarbeidd parallelt med samfunnsdelen og med bakgrunn i dei overordna strategiane samfunnsdelen legg for kommunen som samfunn.

Kommuneplanens arealdel omfatte plankart, føresegner, konsekvensutgreiing, ROS-analyse og planskildring der det kjem fram korleis nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planar for arealbruk er vareteken.

Plankartet skal i nødvendig grad syne hovudformål og omsynssoner for bruk og vern av areal. Figur 1 viser det kommunale plansystemet og samanhengen mellom samfunnsdel og arealdel.



Figur 1: Det kommunale plansystemet (Kjelde: MDs rettleiar T-1491).

Bakgrunn for planarbeidet

Arealdelen til kommuneplan for Vågå kommune består i dag av fire delplanar:

- Kommunedelplan for Vågåmo, godkjent i Vågå kommunestyre 20.05.08, sak 30/08. Godkjent av MD 08.07.09.
- Kommunedelplan Vågå nord, godkjent i Vågå kommunestyre 26.06.01, sak 23/01.
- Kommunedelplan for Storviksmorkje, godkjent i Vågå kommunestyre 25.09.01, sak. 41/01.
- Kommunedelplan for Sjudalen, Randsverk og Lemonsjøområdet, godkjent i Vågå kommunestyre 24.06.03, sak 23/03

Det er lagt opp til ein full revisjon av arealdelen og det skal vere ein felles arealdel for heile kommunen. Det er lagt opp til ein felles rullering av samfunnsdelen og arealdelen. Prosessen med å revidere arealdelen og samfunnsdelen starta første halvår 2009 og planprogrammet vart vedtatt

15.9.2009. Etter at planprogrammet vart vedtatt kom ikkje sjølve arbeidet med å utarbeide arealdelen og samfunnsdelen i gang av ulike årsaker. Ettersom det hadde gått såpass mange år frå planprogrammet vart vedtatt, vart det i kommunal planstrategi for 2012–2016 vedtatt at planprogrammet skulle reviderast for å gi betre forankring til nye politikarar, samt opne opp for nye innspel. Innkomne innspel frå 2009 vart vidareført.

Nytt planprogram vart vedtatt 14. mai 2013. Rambøll utarbeidd i 2013 ein stadutviklingsanalyse som mellom anna har blitt brukt som underlag for kommuneplanarbeidet. Forslag til ny kommuneplanens samfunnsdel har vore ute til høyringar. Det har i planarbeidet blitt peika ut fire satsingsområde som er:

- Stadutvikling
- Levekår
- Næring
- Klima, samfunnstryggleik og beredskap

Forslag til ny samfunnsdel og arealdel låg ute til høyring frå 1. desember 2015 til 26. januar 2016. Dette var 1. gongs høyring av arealdelen og 2. gongs høyring av samfunnsdelen. Samfunnsdelen vart ikkje vedtatt rett etter 2. gongs høyring fordi ein ønska å vedta samfunnsdelen og arealdelen samtidig.

Ved 1. gongs høyring og offentleg ettersyn av forslag til ny arealdel vart det fremja motsegn til nokre nye byggeområde og avgrensing av indre sentrumssone frå Fylkesmannen og fylkeskommunen. For å imøtekomme motsegn vart det frå 1. gongs høyring og fram til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn av forslag til ny arealdel utarbeidd ei handelsanalyse frå Vista Analyse og landskapsanalyse for indre Sjødalen frå Nordplan. Forslag til ny arealdel var på 2. gongs høyring i perioden 12. desember 2016 til 13. februar 2017. Ved 2. gongs høyring og offentleg ettersyn av forslag til ny arealdel vart det fremja motsegn til avgrensing av sentrumssone og eit område for fritidsbustader frå regionale styresmakter.

Planmaterialet vart ved 3. gongs høyring og offentleg ettersyn endra for å ta omsyn til motsegn og merknader som vart fremja ved 2. gongs høyring. Planmaterialet var på høyring i perioden 16. mai til 29. juni 2017. Kommuneplanens arealdel vart vedtatt i kommunestyret 9. august 2017 i sak 55/17. Det vart da presisert i føresegnene at det berre er lov å etablere detaljhandel for inntil 1500 m² BRA innanfor Brustugu. Ny handelsverksemd eller utviding av slike, som blir større enn 1500 m² BRA detaljhandel kan berre lokaliserast innanfor indre sentrumssone, jf. pkt. 3a i *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland*.

Nasjonale og regionale føringar

Til grunn for revisjon av samfunnsdelen og arealdelen ligg nasjonale og regionale og føringar for planarbeidet som Vågå kommune må ta omsyn til.

Sentrale, nasjonale og regionale føringar:

- Plan- og bygningslova med forskrifter
- Kommuneleva med forskrifter
- Folkehelselova med forskrifter
- Helse- og omsorgstenesteloven

- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
 - Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming (1985)
 - Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag og Forskrift om RPR for verna vassdrag (1994)
 - Statlige planretningslinjer for samordnet bolig- areal- og transportplanlegging (2014)
 - Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane (2009)
 - Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
 - Nasjonal transportplan (NTP), og Nasjonal sykkelstrategi (2014–2023)
 - MDs retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen (T-1442/2016)
 - Flaum- og skredfare i arealplanar (NVE retningslinjer nr. 2–2011)
 - Norge universelt utformet 2025. Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009–2013
- Prop. 77 L. Lov om klimamål (klimaloven)
 - Prop. 95 S. Meldingsdel i kommuneproposisjonen 2015. «Kommunereformen»
 - St.meld. nr. 34 (2012–2013) Folkehelsemeldingen. God helse–felles ansvar
 - St.meld. nr. 17 (2012–2013) Byggje-bu-leve
 - St.meld. nr. 9 (2011–2012) Landbruks- og matpolitikken
 - St.meld. nr. 15 (2011–2012) Hvordan leve med farane–om flom og skred
 - St.meld. nr. 47 (2008–2009) Samhandlingsreformen
 - St.meld. nr. 26 (2006–2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
 - St.meld. nr. 34 (2006–2007) Norsk klimapolitikk
 - St.meld. nr. 20 (2006- 2007) Nasjonal strategi for å jamne ut sosiale helseskilnader
 - St.meld. nr. 16 (2004–2005) Leve med kulturminne
 - St.meld. nr. 39 (2000–2001) Friluftsliv
- Regional planstrategi 2012- 2016–Mulighetenes Oppland
 - Regional plan for folkehelse i Oppland 2012–2016
 - Regional plan for klima og energi for Oppland 2013–2024
 - Regional plan Ottadalsområdet (villrein)
 - Fylkesplan for Oppland 2005–2008–Mulighetenes Oppland
 - Jordvernstrategi for Oppland 2007–2011
 - Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland

Oversikta er ikkje uttømmende.

Nasjonale forventningar til regionale og kommunal planlegging

Regjeringa har fastsett nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging, vedtatt ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015. Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Det er prioritert tre område og det er:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Dei nasjonale forventningane peiker på at samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er særleg viktig i arealplanlegginga for å oppnå attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde. For

å få gode og kompakte tettstadsområde må det byggast tett rundt sentrumsområde. Dette gir redusert arealforbruk og transportbehov og styrkjer grunnlaget for kollektivtransport, sykkel og gange. Alle avgjerder om lokalisering, bustader, infrastruktur og tenester påverkar energiforbruket og utslepp i lang tid framover. For å møte overgangen til lågsleppssamfunnet må ein leggje stor vekt på effektiv arealbruk og på å samordne arealbruken og transportsystemet. Det blir også peika på at kompakt tettstadutvikling vil bidra til å auke aktiviteten i sentrum, samstundes som korte avstandar mellom bustad og daglege gjeremål gjer kvardagen enklare. For å styrke by- og tettstadssentera er det viktig at kommunane har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk.

Medverknad

I samband med revisjonen av kommuneplanen har det blitt gjennomført barnetrakkregistreringar for 6. og 9. klasse ved skulane hausten 2012. Lærarar på skulen og tilsette i barnehagane har registrert kva for område skulen og barnehagen nyttar gjennom året. Rapporten med kartvedlegg vart utarbeidd hausten 2014. Denne rapporten har vore brukt i samband med utarbeiding av stadanalysen og forslag til samfunnsdel og arealdel.

I samband med stadanalysen som vart utarbeidd i samband med revisjon av samfunnsdelen og arealdelen vart det halde to ope møter i 2013. Det fyste ope møtet fungerte som eit medverkingsverkstad der deltakarar fekk høve til å jobbe i grupper og kome med innspel til korleis Vågåmo skal utviklast. Det vart også orientert om arbeidet med arealdelen og gjort merksam på at det er viktig å kome med innspel til planarbeidet. Det vart deretter halde eit oppfølgingsmøte der resultatet frå stadanalysen vart presentert.

I samband med offentleg ettersyn av forslag til samfunnsdel i januar i 2014, vart det halde eit ope møte på kommunehuset der samfunnsdelen vart presentert og folk hadde høve til å kome med merknader. I samband med 1. gongs høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel og 2. gongs høyring av samfunnsdelen vart det halde eit ope møte i Vågåmo 11. januar 2016. Det var stor interesse for planforslaget, spesielt arealdelen, og over 50 personar møtte på møtet.

Frå 1. gongs høyring og fram til 2. gongs høyring vart det utarbeidd ein handelsanalyse for Vågåmo, som vart presentert på eit ope folkemøte 10. oktober 2016. Der var også Oppland fylkeskommune og det var høve til å stille spørsmål til analysen og korleis den heng saman med *regional plan for attraktive byer og tettstader i Oppland*. Den 21. desember 2016 vart forslag til kommuneplanens arealdel lagt ut til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist 13. februar 2017. Det vart halde eit ope folkemøte på Lalm 24. februar 2017, der det vart gitt høve til å stille spørsmål til planforslaget som låg ute til høyring. For grupper i samfunnet som ikkje vil kunne følgje standard opplegg for medverknad, det gjeld ungdomsrådet og råd for menneskje med nedsett funksjonsevne og eldre, har desse fått tilbod om eige møte. Kommunen si heimeside og Facebook har også vore ein sentral informasjons- og medverknadskanal.

Plandokumentet

Planmaterialet til arealdelen for Vågå kommune 2017–2027 består av følgjande dokument, som i si heilskap erstattar tidlegare kommunedelplanar.

- Plankart med juridisk verknad
- Temakart med juridisk verknad
- Temakart som ikkje har juridisk verknad
- Føresegner (juridisk bindande)
- Retningslinjer (er retningsgivande, men ikkje juridisk bindande)
- Planskildring med ROS-analyse
- Behandling av merknader etter 1. gongs høyring
- Behandling av merknader etter 2. gongs høyring
- Behandling av merknader etter 3. gongs høyring
- Arealrekneskap
- Konsekvensutgreiing
- Diverse analyser og rapportar

Plankartet er utarbeid på bakgrunn av eigedomsinformasjon i matrikkelen, gjeldande reguleringsplanar, tidlegare kommunedelplanar og lokalkunnskap. Kommuneplanen er ein grovmaske oversiktsplan for alt areal i kommunen, og i einskilde tilfelle vil det kunne vere manglande samsvar mellom innhaldet i plankartet og reel arealbruk. Slike feil kan mellom anna oppstå på grunn av feil i matrikkelen. Ved einskilt saksbehandling kan det takast omsyn til slike tilhøve dersom det har oppstått openbare feil.

Arealplankartet

Planskildringa skildrar kva som visast på plankartet og kva for endringar som er gjort som ein følge av denne planrevisjonen. Arealplankartet er revidert jf. plan- og bygningsloven av 2008 med nye arealformål og med bruk av omsynssoner. Arealplankartet er digitalt utført jf. nasjonale standardar for framstilling av kommuneplankart. Plankartet består av ei kartflate der formål som er nytta er vist med ulike farge og omsynssoner er vist med ulik skravur.

Plankartet viser noverande arealformål med lys fargenyans og med namnsetting xxxE. Dette er område som allereie er utbygd og/eller der formålet er vedtatt gjennom reguleringsplan. Framtidige arealformål er vist med mørkare fargenyans. Dette er nye område som er foreslått tatt inn i denne revisjonen, og område som vidareførast frå tidlegare kommunedelplanar som ikkje er regulert eller utbygd. Nye utbyggingsområde er nummerert xxx.

Omsynssoner viser område der det må takast ekstra omsyn. Omsynssoner nyttast uavhengig av kva for arealformål området er avsett til og dei kan strekke seg over fleire arealformål. Det er arealformålet som er det grunnleggjande for eit område.

Framtidige arealformål

Nye område er byggeområde som inneber ein omdisponering frå andre arealbrukskategoriar, hovudsakeleg LNFR-område. Det er også område som er avsett i kommunedelplanar som ikkje er blitt regulert, eller det er ikkje starta utbygging. Grunnen til at desse område, som allereie ligg inne i gjeldande kommunedelplanar, må konsekvensutgreiast er at delplanane er vedtatt og utarbeidd etter gamal plan- og bygningslov, som ikkje hadde krav om konsekvensutgreiing.

Dei nye byggeområda er delt inn i areal til bustad (B) fritidsbustad (F), offentleg og privat tenesteyting (O), forretning (FO), næring (N) og råstoffutvinning (R). Det er også fleire område som er vist som kombinert formål. For nærare informasjon om dei einskilde nye byggeområde blir det synt til konsekvensutgreiinga som omtaler alle nye forslag til byggeområde og føresegner knytt til areala.

Forslag til arealbruksendring som er vurdert og ikkje tatt med

I løpet av planprosessen er det gjennomført grovsiling av motteke innspel til arealbruksendring. Grovsiling vart vedtatt i kommunestyret 12. mai 2015, sak 32/15. Målet med grovsilinga var å ta ut område som var i strid med kommunen sin arealstrategi og nasjonale og regionale føringar.

30 innspel til arealbruksendring vart vurdert i grovsilinga, og følgjande 15 forslag vart silt ut:

Tabell 1: Oversikt over innspel som ikkje er tatt med vidare

Område	Areal i daa	Grunngjeving
Bustadbygging		
Klones	21,5 daa	Dyrka mark, ikkje i tråd med jordvernet.
Storviksroe	16 daa	Samordna areal- og transportplanlegging. God tilgang på ledige tomter i nærområdet.
Sundsteinen	234 daa	Samordna areal- og transportplanlegging og teknisk infrastruktur.
Fritidsbustader		
Jetta	580 daa	Snaufjellet, ligg i eit urørt område utan eksisterande fritidsbustader.
Langmyrane	140 daa	Ligg i eit urørt setermiljø. Ingen eksisterande fritidsbustader innanfor området. Ligg utanfor satsingsområde for fritidsbustader.
Randsverk	130 daa	Samordna areal- og transportplanlegging. Ligg utanfor satsingsområde for fritidsbustader.
Maurvangen	143 daa	Sårbart område i Indre del av Sjødalen
Veslelie	370 daa	Sårbart område i Indre del av Sjødalen
Areal mellom Mosbesstrond og Besstrond	60 daa	Sårbart område i Indre del av Sjødalen
Pina seter	4 daa	Utsett til det ligg føre avklaring. Tatt ut inntil vidare ettersom det ikkje har kome noko avklaring etter seterforskrifta.
Næring		

Lemonsjøen konferansehotell	8 daa	Arealet ikkje egna. Ligg innanfor omsynssone for drikkevatn.
Øiløkken og Volden	13 daa	Dyrka mark, ikkje i tråd med jordvernet.
Øi søre og nordre	5 daa	Dyrka mark, ikkje i tråd med jordvernet.

Følgjande område vart tatt ut av prinsipiell karakter og vart ikkje konsekvensutgreidd i silingsprosessen:

- Rullebane for små/seglfly på Sagrenna vart ikkje tatt med.
- Gondolbane frå søre berget på Søre Kleivhammarn opp til Vole (Jetta) vart ikkje tatt med.

Forslag til ny kommuneplanens arealdel vart presentert for regionalt planforum 16. juni 2015. I forkant av møtet vart det gjennomført ei synfaring i Vågå den 21. mai 2015, der regionale styresmakter og politikarar vart presentert for nye område som har vore spelt inn til kommuneplanarbeidet. Som ein følgje av dette møtet kom det fleire merknader og varsle om mogleg motsegn til planforslaget. Det vart difor gjennomført ein ny siling av innkomne innspel som vart behandla politisk i formannskapet 25. august 2015 sak 66/15. Følgjande område vart da tatt ut:

Tabell 2: Område som er tatt ut etter presentasjon av planforslaget i regionalt planforum.

Område	Areal i daa	Grunngjeving
Bustadbygging		
Brumoen	10 daa	Dyrka mark, ikkje i tråd med jordvernet. Omsynet til Pressmoen.
Stokstadåsen (seniorleiglegheiter)	27 daa	Arealet er bratt og ikkje egna for ei slik utbygging. Samordna areal- og transportplanlegging og teknisk infrastruktur.
Fritidsbustader		
Lemonsjøen	40 daa	Store delar av arealet er så bratt at det ikkje er egna for ei utbygging.
Samferdsel		
Ny avkøyring frå rv. 15 til Vågå næringspark		For stutt avstand mellom eksisterande rundkøyringar langs rv. 15. Omsynet til trafikkavvikling og trafikktryggleik.
Råstoffutvinning		
Området ved utløpet av Finna	6 daa	Ligg innanfor 50 m byggegrensa til rv. 15 og får ikkje godkjend avkøyring frå rv. 15.
LNFR, spreidd næring		
Vindmøller på Stokstad	30 daa	For lite informasjon om prosjektet til å kunne lage ein god konsekvensutgreiing.

Bustadområde på Bårstad, Tolstadløkken og Prestrunningen vart endra frå bustad til LNFR spreidd bustad. Det kan først opp inntil tre bustadhus innanfor område.

Bustadområde på Blessomvollen vart redusert i areal.

Området for kortbane flyplass på Søreim vart endra i arealavgrensing og det skal leggjast opp til sambruk med landbruk.

Endringar som er gjort i planforslaget frå 1. gongs høyring

Forslag til ny kommuneplanens arealdel har vore ute til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist 26. januar 2016. Denne har sidan vore utsett til 6. februar 2016. Det er også einskilde som har fått lengre utsetting. Alle som har bede om utsett høyringsfrist har kome med uttale. Det har totalt kome 31 uttaler til planforslaget, der sju av desse er innspel til ny arealbruk. Dei resterande kjem med merknad/innspel/motsegn til ny arealbruk som er føreslått i planforslaget.

For å imøtekome nokre av motsegna har kommunen fram til 2. gongs høyring av planforslaget fått utarbeidd ei handelsanalyse for Vågåmo. Det har også blitt utarbeidd ei landskapsanalyse for planlagde område for ny fritidsbusetnad i indre del av Sjødalen. Tabell 3 viser kva for område som er tatt ut ved 2. gongs høyring og offentleg ettersyn av nytt forslag til kommuneplanens arealdel.

Tabell 3: Område som er tatt ut sidan 1. gongs høyring

Område	Areal i daa	Grunngjeving
Bustadbygging		
SB01 Prestrunningen	7,5 daa	Etter ønskje frå grunneigar
B01 Blessomvollen	7 daa	Jordvern og god tilgang på ledig tomteareal elles i Vågåmo
B02 Smedsmo	7 daa	Jordvern og ønskje om å ha ei grøn lunge i sentrum.
Råstoffutvinning		
R04 Øyadalen	17 daa	Naturkvalitetar
Kombinert formål		
FO/N01 Utviding Vågå næringspark	1,6 daa	Jordvern
FS/LNF01 Flystripe på Søreim	50 daa	Området er tatt ut og flytta til Grov.
Gang- og sykkelveg		
Kvernvegen		Blir tatt ut ettersom det ikkje blir opna for fleire bustader ved Blessomvollen.
Ny gang- og sykkelveg frå Klones til Trudelutten barnehage		Tatt ut. Jordvern.

Tabell 4 viser nye byggeområde som er konsekvensutgreidd og lagt til som nye arealformål ved 2. gongs høyring av forslag til ny arealdel.

Tabell 4: Område som er lagt til ved 2. gongs høyring

Område	Areal i daa	Grunngjeving
Kombinert formål		
TB/L01 Maurvangen	6 daa	Kombinert lager og tenestebustad
Fritidsbustader		
F08 Veidarheim	2 daa	Ligg i eit område der det er fleire fritidsbustader.
F09 Jetta	350 daa	Ønskje om sentrumsnære fritidsbustader.
F10 Stokstadåsen	27 daa	Terrasseleilegheiter
Fritids- og turistformål		
FT03 Tesse	8 daa	Ønskje om å legge til rette for næringsutvikling.
Råstoffutvinning		
R02 Ristigdalen	12 daa	Ønskje om å ta vare på og utnytte grus og steinressursar i kommunen.
Lufthamn		
FS01 Kortbaneflyplass på Grov	880 daa	Legge til rette for flystripe til Norges luftsportsforbund.
LNF, spreidd bustad		
SB04 Holungsøyom	6 daa	Ønskje om å legge til rette for spreidd bustadbygging.
SB05 Sandbu	2 daa	Ønskje om å legge til rette for spreidd bustadbygging.
LNFR, spreidd næring		
SN01 Pina seter	4 daa	Kjem ikkje inn under LNF pluss og LNFR, spreidd næring er riktig arealformål ut frå produksjon og drift.
SN02 Kalven seter	9 daa	Kjem ikkje inn under LNF pluss og LNFR, spreidd næring er riktig arealformål ut frå produksjon og drift.
Småbåthamn og friluftsområde		
SBH/VF01 Vanglandet	16 da	Småbåthamn og friluftsområde i tilknytning til Brustugu.

Tabell 5 viser område/innspeil som er vurdert, men ikkje lagt til ved 2. gongs høyring.

Tabell 5: Nye område/innspele som er vurdert ved 2. gongs høyring, men ikkje lagt til.

Område	Areal i daa	Grunngjeving
Fritidsbustader		
Sandbakken	25 daa	Ligg innanfor eit viktig kulturlandskap.
Stor-Birisjøen (fiskebu)	0,02 daa	Er i praksis ein fritidsbustad og det er ikkje ønskje om å opne for spreidde fritidsbustader.

Endringar som er gjort i planforslaget frå 2. gongs høyring og til 3. gongs høyring

Forslag til ny kommuneplanens arealdel har vore ute til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist 13. februar 2017. Det har totalt kome 57 uttaler til planforslaget. Fylkesmannen i Oppland har motsegn til følgjande område ved 2. gongs høyring:

Område	Formål	Motsegn
B/FO/K01Brustugu	Kombinert bustad, varehandel og kontor	Ikkje i samsvar med gjeldande regional plan for attraktive byer og tettstader i Oppland. Motsegn til avgrensing av indre sentrumssone og for høg arealgrense for detaljhandel.
F10 Stokstadåsen	Fritidsbustader	Areal- og transportomsyn og for stor planreserve.

Oppland fylkeskommune har motsegn til følgjande område:

Område	Formål	Motsegn
B/FO/K01Brustugu	Kombinert bustad, varehandel og kontor	Ikkje i samsvar med gjeldande regional plan for attraktive byer og tettstader i Oppland. Motsegn til avgrensing av indre sentrumssone og for høg arealgrense for detaljhandel.

Statens vegvesen har motsegn til følgjande område:

Område	Formål	Motsegn
B/FO/K01Brustugu	Kombinert bustad, varehandel og kontor	Ikkje i samsvar med gjeldande regional plan for attraktive byer og tettstader i Oppland. Motsegn til avgrensing av indre sentrumssone og for høg arealgrense for detaljhandel.
FO/N01E Næringsparken	Kombinert forretning og næring, eksisterande	Manglande føresegnar til plankrav og arealgrense for detaljhandel.

Høyringsuttaler frå grunneigarar og andre inneheld mellom anna tilleggsargumentasjon og motsegn til nye byggeområde og avgrensing av indre sentrumssone. Frå interesseorganisasjonar har det kome merknader knytt til konkret arealdisponering. Det gjeld i all hovudsak nye byggeområde for fritidsbustader.

For å imøtekomme motsegn og merknader har følgjande område blitt tatt ut før 3. gongs høyring og offentleg ettersyn:

Tabell 6: Område som er tatt ut etter 2. gongs høyring og til 3. gongs høyring

Område	Areal i daa	Grunngjeving
Fritidsbustader		
F06 Sjodalshaugan	297 daa	70 fritidsbustader
F07 Hoskelie	125 daa	20 fritidsbustader
F10 Stokstadåsen	27 daa	Terrasseleilegheiter

For å imøtekomme motsegn og høyringsinnspel har avgrensing av indre sentrumssone blitt redusert i areal. Areal som er avsett til flystripe har blitt redusert til 400 daa. Småbåthamn ved Brustugu har også blitt tatt ut og det er berre lagt til rette for friluftsområde. Arealet ved Brustugu som var avsett til kombinert bustad/forretning og kontor har blitt delt opp i fleire ulike arealformål. Arealet ved Smedsmo som vart tilbakeført til LNFR-formål ved 2. gongs høyring er lagt inn som kombinert formål bustad/forretning/kontor. F05E har blitt endra til kombinert formål ettersom det ikkje er ønskjeleg å opne for forretningsareal utanfor sentrumssona. Tabell 7 viser endringar som er gjort sidan 2. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Tabell 7: Område som har blitt endra/justert fram til 3. gongs høyring.

Bustader		
B01 Brustugu – nye leilegheiter	11 daa	Var tidlegare vist som kombinert bustad/forretning/kontor
Kombinert formål		
B/FO/K01 Brustugu	11 daa	Var tidlegare 35 daa
B/FO/K03 Smedsmo	7 daa	Var vist som LNFR ved 2. gongs høyring
B/G01 Vågå Gjest	1 daa	Var vist som F05E ved 2. gongs høyring
Næring		
N04 Brustugu	16 daa	Var tidlegare vist som kombinert bustad/forretning/kontor.
Fritidsbustader		
F09 Jetta	210 daa	Fløtt nedanfor tregrensa og redusert litt i areal

Indre sentrumssone		
Indre sentrumssone		Redusert i areal slik at næringsparken og Brustugu ligg utanfor sona.
Lufthamn		
FS01 Kortbaneflyplass på Grov	390 daa	Legge til rette for flystripe til Norges luftsportsforbund.
Friluftsområde		
VF01 Vanglandet	13 da	Friluftsområde i tilknytning til Brustugu.

Endringar som er gjort i planforslaget frå 3. gongs høyring og til godkjenning av kommuneplanens arealdel

Frå 3. gongs høyring og til godkjenning av kommuneplanens arealdel vart det ikkje gjort nokon endring av arealformålsflater. Det vart berre gjort mindre presiseringar i nokre føresegnar. Det vart mellom anna presisert i føresegnene at det berre er lov å etablere detaljhandel for inntil 1500 m² BRA innanfor Brustugu. Ny handelsverksemd eller utviding av slike, som blir større enn 1500 m² BRA detaljhandel kan berre lokaliserast innanfor indre sentrumssone, jf. pkt. 3a i *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland*.

Område for bustader

Folketalet i Vågå var 3.640 per 1.januar 2017. Folketalet i Vågå har generelt gått ned sidan slutten av 1980-talet. Ut frå framskriving av befolkninga vil andelen i aldersgruppa eldre enn 67 år auke, medan andelen i arbeidsdyktig alder (20–66 år) blir lågare.

Det blir i snitt bygd ein til to einebustader i kommunen kvart år. Innanfor Vågåmo har det stort sett berre blitt bygd konsentrert småhus/leilegheitsbygg. Tabell 8 syner kor mange bueiningar som har vore ferdigstilt i perioden 2005–2015.

Tabell 8: Oversikt over bueiningar (einebustader og leilegheiter) ferdigstilt i perioden 2005–2015

År	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Sum
Vågåmo	10	6	7	5	2	6	7	11	7		6	67
Tessand		1	2		1						1	5
Sjårdalen	5			1			1					7
Lalm	4	4		3					1	1		13
Nordherad	3			1				1				5
Skogbygda/ Skårvangen		1										1
Sum	22	12	9	10	3	6	8	12	8	1	7	98

Tabell 9 syner oversikt over ledige ubygdte bustadtomter i kommunen. Som oversikta viser er eksisterande bustadreserve i kommunen i utgangspunktet nok, men undersøkingar syner til at variasjon i tomtetilbodet er vel så viktig. Det er viktig at kommunen har eit variert butilbod for å trekke til seg nye innbyggjarar.

Tabell 9: Oversikt over ledige ubygdte bustadtomter i kommunen og forslag til nye utbyggingsområde:

Utbyggingsområde frå eldre planar	Område/Namn	Arealstatus	Areal	Ledige tomter
Vågåmo	Haugøijordet	reguleringsplan		1
	Lyen skog	reguleringsplan		0
	Vågåmo aust + industriområde	reguleringsplan		1
	Sveaholen	reguleringsplan		10
	Berget	reguleringsplan		4
	Langskåre	reguleringsplan		0
	Vågåmo aust	reguleringsplan		2
	Vågåmo vest	reguleringsplan		1
	Krokum bustadfelt	reguleringsplan		0
	Krokum 2	reguleringsplan		1
	Nedre Tollhaugen	reguleringsplan		1
	Kvarbergsåsen bustadfelt	reguleringsplan		4*
	Vågå Hotell–Ysteriet	reguleringsplan		1
	Blessomvollen bustadfelt	reguleringsplan		2
	Mølla	reguleringsplan		0
Lalm	Lalm	reguleringsplan		10
	Nytt Bustadfelt på Lalm	reguleringsplan		8
	Gnr4 bnr. 80	reguleringsplan		0
	Gnr 3 bnr. 11	reguleringsplan		0
	Rv 15 Miljøgate på Lalm	reguleringsplan		0
Tessanden	Tessanden	reguleringsplan		2
	Randen bustadgruppe	reguleringsplan		6
Sjårdalen	Stokstadåsen	reguleringsplan		6
Randsverk	Randsverk bustadfelt	reguleringsplan		6
Andre område	Midtli	reguleringsplan		3
	Brennsletten	reguleringsplan		9
Sum				79
*Området er regulert for 38 einebustader og 27 daa for konsentrert småhusbusetnad, men det er berre 4 ledige tomter som kan byggjast ut før det er etablert gangveg.				
Nye utbyggingsområde	Namn	Arealstatus	Areal	Tal tomter (ca.)
	B01 Brustugu	Krav om regulering	11 daa	leilegheiter
	B02 Brustugu – eksisterande busetnad	Krav om regulering	4,5 daa	Eksisterande tun
	B03 Lalm sentrum	Krav om regulering	25 daa	15
	B04 Lalm sentrum II	Krav om regulering	5 daa	5
	B/F/K01 Brustugu	Krav om regulering	11 daa	Kombinert bustad/forretning/kontor

	B/FO/K02 Engum tomta	Krav om regulering	2,4 daa	Kombinert bustad/forretning/kontor
	B/N/K02 OKB-tomt	Krav om regulering	2,8 daa	Kombinert bustad/næring/kontor
	SB02 Bårstad	Ikkje krav om reg.	11 daa	3
	SB03 Tolstadvøkk	Ikkje krav om reg.	10 daa	3
	SB04 Holungsøyom	Ikkje krav om reg.	6 daa	3
	SB05 Sandbu	Ikkje krav om reg.	4 daa	1

Vågåmo

I sentrum av Vågåmo er det utfordrande å finne nytt areal som er egna for utbygging ettersom staden er omgitt av jordbruksareal, elvar og bratt terreng. Innanfor Vågåmo er det stort potensial for fortetting av areal til bustadformål. Vi har fleire gode døme på område som har blitt fortetta og det er mange einbustader på eigen stor romsleg tomt som kunne ha vore utnytta betre. Ei utfordring med kommuneplanarbeidet er at fortetting av bustadområde kan vere konfliktfylt og det er difor ønskeleg at slike fortettingssaker blir initiert av grunneigar. Det er ledig kapasitet på ledige tomter innanfor Vågåmo sentrum når eksisterande bygd areal som står tomt blir endra til sentrumsformål. Dette vil sikre at arealet kan nyttast til fleire formål og det gir ein god fleksibilitet i planen. Engumtomta ved Moajordet blir foreslått endra frå erverv til kombinert forretning/bustad/kontor, B/FO/K02. Arealet ved Brustugu som ligg som erverv blir forslått endra til kombinert bustad/forretning/kontor B/FO/K01 og bustad B01 og B02. Den gamle OKB-tomt er forslått endra til kombinert bustad/næring/kontor B/N/K02.

Det er ledig 2 tomter innanfor Blessomvollen bustadfelt og det er god kapasitet på ledige tomter innanfor Kvarbergåsen bustadfelt. Dette føresett at det blir etablert gangveg til området. Dersom det ikkje blir etablert gangveg er det ledig 4 ubygde tomter innanfor området. Det er ledig 10 tomter innanfor Sveaholen og 4 tomter innanfor Berget. Samla sett så bør dette vere tilstrekkeleg ledig tomter i løpet av planperioden.

Lalm

På Lalm er det tilgang til store areal som er egna for bustadar utan at områda kjem i konflikt med regionale og nasjonale føringar. Innanfor eksisterande område som er regulert er det god tilgang på ledige bustadtomter og det er lagt til rette for fortetting av reguleringsplanen «nytt bustadfelt på Lalm» der det er mogleg å etablere om lag 5 tomter, B04. Det er også foreslått eit nytt område for bustader som heiter B03. Felta B03 og B04 vil få bustadtomter med god utsikt og gode soltilhøve. Areal har også tilgang til teknisk infrastruktur og gang- og sykkelveg. Bustadområda ligg også i gangavstand til butikk og barnehage/skule.

Andre delar av kommunen

Alle bygder og grender i kommunen har tilgang til ledige bustadtomter jf. tabell 2. Det er difor ikkje lagt til rette for nye bustadfelt i andre delar av kommunen ettersom det er god tilgang på bustadtomter i allereie regulerte bustadfelt.

Område for fritidsbustader

Vågå kommune er ein middels stor hyttekommune med om lag 1000 fritidsbustader. Tidlegare har Lemonsjøen, Melingen-området og Storviksmorkje vore satsingsområde for fritidsbustader. Det er spesielt Lemonsjøen som har vore eit hovudsatsingsområde og ein hyttestedestinasjon i Vågå kommune. Der er det tilrettelagt med offentleg vatn- og avlaup og det er eit godt etablert skiløypenett og skianlegg.

Vågå kommune ønskjer å legge til rette for auka bygging av fritidsbustader og det er ønskjer om å fortsette satsinga innanfor Lemonsjøen, Melingen og Storviksmorkje. Det er samstundes opna for ei eit sentrumsnært område nord for Vågåmo langs Blåhøvegen. I løpet av dei siste 11 åra har det vore bygd om lag 180 fritidsbustader i heile Vågå. Tabell 10 syner ei oversikt over fritidsbustader ferdigstilt i perioden 2005–2015. Det er eit mål at dette talet skal doblast i løpet av dei neste 10 åra.

Tabell 10: Oversikt over fritidsbustader som er ferdigstilt i perioden 2005–2015

	Område	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Sjodalen	Hoskelia	1	1	1		1				1		
	Gjendeosen–Reinsvangen											
	Sjodalen hyttegrend											
Lemonsjøen-området	Lemonsjøen hyttefelt	5	6	9	2	6	3	2	2	4	1	7
	Lemonsjøen fjellpark	6	10	46	6	1	10	2	22	2	3	1
Tesse–Vianvang området	Tesseosen hytteområde		2	5	1	2			1	1		
	Uksfossen hytteområde	2									1	1
	Hytteområde B6											
	Svarttjønn B10 og B14											
Melingen-området	Stutarhaugen–Reiregrenda											
	Stutarhaugen hytteområde (Østre)						1			1		
	Vianvang–Krosstjønnne											
Andre område	Randen bustadgruppe											
	Storsteinrusten											
Utanfor regulert område		1				1			1			
Sum ferdigstilt		14	20	61	9	11	14	4	26	9	4	9

Innanfor Lemonsjøen er det ledig om lag 110 fritidstomter per i dag, sjå tabell 11. Innanfor Sjudalen fjellgrend er det ledig om lag 80 fritidstomter. I heile Vågå er det totalt ca. 300 ledige tomter. Dersom ein legg til 257 tomter, som det er foreslått lagt inn i ny arealdel, vil det vere ein samla tomterreserve på om lag 540 hytter. Noko som gir ein tomterreserve for 25 år dersom det blir bygd ca. 20 fritidsbustader i året. Det er eit mål at talet på bygde hytter skal doblast og da vil kommunen ha ei tomterreserve for 13 år. Det er ein del eldre reguleringsplanar som opne for lågstandard hytter og dette er ikkje så attraktivt. Dette kan vi sjå ut frå tabell 10 som viser kva for område det blir bygd fritidsbustader i. Den reelle tomterreserven er difor ikkje større enn den bør vere, når ein legg attraktivitet og krav om høgstandard til grunn.

Tabell 11: Oversikt over ledige ubygde fritidsbustader i kommunen og forslag til nye utbyggingsområde:

Utbyggingsområde frå eldre planar	Område/Namn	Arealstatus	Fritidstomter totalt	Ubygde tomter
Sjudalen	Hoskelie	Godkjend reguleringsplan	30	0
	Gjendeosen–Reinsvangen	Godkjend reguleringsplan	16	0
	Sjudalen hyttegrend	Godkjend reguleringsplan	92	78
Lemonsjøen-området	Lemonsjøen hyttefelt	Godkjend reguleringsplan		15
	Lemonsjøen fjellpark	Godkjend reguleringsplan		93
Tesse–Vianvang området	Tesseosen hytteområde	Godkjend reguleringsplan	21	4
	Uksfossen hytteområde	Godkjend reguleringsplan	26	15
	Hytteområde B6	Godkjend reguleringsplan	8	5
	Svarttjønn B10 og B14	Godkjend reguleringsplan	28	25
	Tesseosen–Bjønnskardet	Reguleringsplanarbeid starta opp		30
Melingen–området	Stutarhaugen–Reiregrenda	Godkjend reguleringsplan	30	1
	Stutarhaugen hytteområde (Østre)	Godkjend reguleringsplan	20	18
	Vianvang–Krosstjønne	Godkjend reguleringsplan	3	3
	Allerstølen	Godkjend reguleringsplan	1	0
Andre område	Randen bustadgruppe	Godkjend reguleringsplan	5	2
	Storsteinrusten	Godkjend reguleringsplan	7	3
Sum				296
Nye utbyggingsområde	Namn	Arealstatus	Areal	Tal tomter (ca.)
	F01 Slombhaugen	Krav om regulering	238 daa	80
	F05 Fjellsida	Krav om regulering	75 daa	56

Storviksmorkje	F02 Ormeholet	Krav om regulering	38 daa	15
Melingen	F03 Grasdokken	Krav om regulering	64 daa	30
	F04 Reiregrende	Krav om regulering	6 daa	4
	F08 Veidarheim	Ikkje krav om regulering	2 daa	2
Vågåmo	F09 Jetta	Krav om regulering	210 daa	70
Sum				257

Område for sentrumsformål og definisjon av indre sentrumssone


Sentrumsformål omfattar areal for bustad, kontor, hotell og bevertning, forretning, tenesteyting og nødvendig areal for grøntareal. Ifølgje MDs rettleiar T-1491 bør ikkje dette arealfromålet nyttast dersom eit av desse formål ikkje er tillate. Underformåla bør da heller nyttast i kombinasjon.

I følgje *regional plan for attraktive byer og tettstader i Oppland*, skal det i samband med utarbeiding av kommuneplanens arealdel definerast ein indre sentrumssone i Vågåmo. Figur 3 viser område i Vågåmo som er definert som indre sentrumssone, avgrensa av raud stipla line. Området vart endra frå 2. gongs høyring til 3. gongs høyring og sluttbehandling, slik at næringsparken og Brustugu ligg utanfor indre sentrumssone.

Innanfor sona som er trekt for indre sentrumsområde er det etablert varehandel og kommunale tenester som rådhus, skule, barnehage og helsesenter. Området er omlag 800 meter i utstrekning frå sør til nord. Dette arealet er også definert som målpunkt i stadanalysen som vart utarbeidd av Rambøll i 2013.



Figur 2: Areal som er avsett som målpunkt er markert med blått. Innanfor dette området er det gangavstand til ulike gjeremål (Kjelde: Stadanalyse frå Rambøll 2013).




Figur 3: Areal som er definert som indre sentrumssone i Vågåmo er avgrensa av raud stipla line.

Aktivitetar, arrangement og opplevingar saman med service og tenesteyting bør inn i sentrum saman med kontorplassar og bustad. Vågåmo sentrum har i dag mange funksjonar i sentrum som handel, bustader, skule, helsestasjon, Vågåheimen, idrettsplass, kulturhus m.m. Vågåmo har difor eit godt utgangspunkt til å få styrka sentrum utan berre å fokusere på handel. For å skape eit levande sentrum er det viktig at sentrum blir så fleksibelt som mogleg. Det er ingen grunn til å sette krav om at fyrste etasje skal vere tilrettelagt for næring/varehandel når marknad og etterspørsel gjer at bygningane blir ståande tomme. I Vågåmo har vi fleire døme på slike bygningar som står tomme. Lokala som står tomme er for store for dei små nisjeforretningane som bidreg mest med vitalitet i sentrum, samstundes som lokala er for små for storformater. For å få eit levande sentrum som planlegg for framtida har vi valt å definere fleire område innanfor sentrumssona som sentrumsformål, nettopp for å gjere planen så fleksibel som mogleg. Det er ikkje handel åleine som kan redde Vågåmo, men eit

attraktivt sentrum. For å få eit attraktivt sentrum kan ikkje bygningar stå tomme og kommunen må difor vere så fleksibel som mogleg når den planlegg for framtida. Sentrumsformål omfattar bustad, kontor, hotell og bevertning, forretning, tenesteyting og nødvendig areal for grøntareal. Ved å omregulere til dette formålet vil Vågåmo kunne utvikle seg i tråd med overordna økonomiske drivkrefter og bransjemessige utfordringar.

Todelt senterstruktur og definisjon av kjerneområde

For å synleggjere dei kvalitetane som er i sentrum av Vågåmo har kommune valt å definere eit område av sentrum som kjerneområde for det historiske sentrum med gammal/særprege bygningsmasse, låge hus og god sirkulasjon mellom bygga. Ei sone som bli kaldt for låg-brun sone Dette er eit område som er sentralt for å bevare Vågåmo sitt særpreg og attraktivitet. Innanfor dette området skal det leggjast til rette for varehandel i små konsept som skal styrke det eksisterande sentrum og identitet. Innanfor dette området er det fleire bygningar som er regulert til bevaring og det er viktig at det ikkje blir opna for storformater innanfor dette området ettersom det fort kan øydelegg kjerneområdet av sentrum. Fylkeskonservatoren har i samband med andre saker i kommunen tilrådd at området som er definert som låg-brun sone blir styrka med omsyn til bevaring av eksisterande bygningsmiljø. Figur 4 viser område som kommunen har valt å definere som kjerneområde av sentrum (låg-brun sone), vist med blå stipla line.



Figur 4: Oversiktskart som viser område som er definert som indre sentrumsområde (raud stipla line) og område som er vist som kjerneområde/låg-brun sone (blå stipla line).

Område for offentlig eller privat tenesteyting

Det er i arealplankartet ikkje lagt inn nye område for offentlig tenesteyting. Det er i komande planperiode ikkje vurdert til å vere behov for bygging eller utviding av slike område. Dagens barnehage- og skulestruktur skal i gjeldande planperiode vidareførast slik som den er i dag. Folketalsframskriving med middels vekst syner at det er venta ein nedgang i alle aldersgrupper under 66 år, slik at det er ikkje behov for å planlegge for utviding av eksisterande barnehagar og skular.

Når det gjeld eldre så er det venta ei auking i grupper over 67 år. Det er også lagt opp til at kommunen skal ta imot fleire flyktningar. Det er i gjeldande planperiode ikkje vurdert til å vere behov får å finne nye område til institusjonar. Dei demografiske endringane og helsemessige endringane vil bli møtt ved at kommunen innrette tenestene, slik at dei støttar opp om individa kan bu i eigen bustad så lenge som mogleg. Ny velferdsteknologi vil gjere det mogleg at menneske i større grad kan meistre eige liv og helse, slik at behovet for offentlege helse- og omsorgstenester kan bli redusert eller utsett i tid.

Område for fritids- og turistformål

Fritids- og turistformål er mellom anna utleiehytter, campingplassar, hotell og liknande. Formålet omhandle ulike typar overnattingsanlegg som drivast i kommersiell samanheng. Eksisterande turistbedrifter i fjellområde har relativt nye reguleringsplanar og dei har tilstrekkeleg areal innanfor eksisterande reguleringsplanar. Det er difor berre lagt inn fire nye område for fritids- og turistverksemd. FT01 er eit nytt område som ligg ved Tessosen, men det er Arne Brimi som er forslagsstillar og næringsverksemda skal knytast opp mot eksisterande verksemd «Brimiland». FT02 skal knytast opp mot eksisterande verksemd på Randsverk camping. Det er også lagt inn ei utviding av eit område som ligg i tilknytning til eit område for fritidsbustader innanfor reguleringsplan for Tessosen hytteområde. Det er lagt inn eit område for kombinert fritids- og turistformål og fritidsbustader på Lemonsjøen, sjå tabell 12.

Tabell 12: Oversikt over nye område avsett til fritids- og turistformål

Nye område utbyggingsområde	Namn	Arealstatus	Areal	Tal tomter (ca.)
Tessosen	FT01	Krav om regulering	24 daa	
Randsverk	FT02	Krav om regulering	32 daa	
Tesse	FT03	Krav om regulering	8 daa	
Lemonsjøen	F/FT01	Krav om regulering	64 daa	

Det er behov for å endra arealpolitikk for «varme og kalde» senger, med større fleksibilitet knytt til om bygg skal vere fritidsbygg eller næringsbygg etter plan- og bygningsloven. Det er difor ikkje definert kor mange einingar som skal vere fritidsbustader og fritids- og turistformål innanfor F/FT01. Arealet ligg slik til at det vil vere egna for både arealformåla og det er difor marknad og etterspørsel som får styre kva som blir etablert innanfor området.

Område for råstoffutvinning

Det vil alltid vere behov for produksjon av grus og stein. Ut frå omsynet til miljø og økonomi bør det vere stutt avstand frå produksjonsstad til bruksstad. Grus/stein og skifer er ein ikkje fornybarressurs som samfunnet har behov for og som difor bør utnyttast og ikkje byggjast ned.

Tabellen nedanfor syner oversikt over eksisterande område og nye område for råstoffutvinning i form av grus/stein.

Tabell 13: Oversikt over eksisterande område og nye område for råstoffutvinning

Eksisterande område frå eldre planar	Råstoff/produkt	Drift i dag	Status-gjeldande kommuneplan	Status-detaljplan
R01E Veomoen	Grus/sand	Ja	U4, kdp Sjodalen, Randsverk og Lemonsjøen	Godkjent reguleringsplan
R02E, R03E og R04E Hanslien	Grus/sand	Ja	U3, kdp Vågå Nord	Godkjent reguleringsplan
R05E og R06E Grønslette	Grus/sand	Ja, delvis	U1, kdp Vågå Nord	Godkjent reguleringsplan
R07E Randsverk	Grus/sand	Ja	U3, kdp Sjodalen, Randsverk og Lemonsjøen	Godkjent reguleringsplan
R08E Nysæter	Kleber	Ja, delvis		Godkjent reguleringsplan
R09E Sørлие	Grus/sand	Nei		Godkjent reguleringsplan
R10E Tolstadmoen	Grus/sand	Ja	U2, kdp Vågå Nord	Godkjend reguleringsplan
R11E Åsstad	Grus/sand	Ja		Godkjend reguleringsplan
R12E Otta	Grus/sand	Ja		Godkjend reguleringsplan
R13E Ristigdalen	Skifer	Ja		Dispensasjon i 2011, område er under avslutting.
R14 E Ristigdalen	Skifer	Ja, sporadisk	U4, kdp Vågå Nord	Ikkje regulert, uttaket er under avslutting.
Nye område	Råstoff/produkt	Arealstatus		Areal
R01 Hanslien	Grus/sand	Krav om reguleringsplan og utarbeiding av støyanalyse		25 daa (utviding av eksisterande område)
R02 Ristigdalen	Stein/skifer	Krav om regulering og utarbeiding av støyanalyse		12 daa
R03 Blåhøvegen	Grus/sand	Ikkje krav om regulering. Berre lov å ta ut inntil 3000m ³		6 daa
R/N01 Tolstadmoen II	Grus/sand	Krav om reguleringsplan og utarbeiding av støyanalyse.		42 daa


Område for næring

Næring omfatte industri-, handverks- og lagerverksemd, i tillegg til kontor, hotell og bevertning. Næring omfatte ikkje forretning og tenesteyting. Vågå kommune har tidlegare hatt eit stort næringsområde i Vågåmo og eit mindre på Lalm. Arealet i Vågåmo har over tid endra karakter og gått frå næringsprega verksemd til meir varehandel. Området har difor også endra namn til Vågåmo næringspark. Arealet innanfor området er vist som kombinert forretning og næring, FO/N01E.

Innanfor Vågåmo næringspark er det lite tilgang på ledige tomter. Det er ei tomt ned mot rv. 15 som er ledig, men den ligg innanfor byggeforbodssoa til rv. 15, slik at det ikkje er mogleg å byggje på arealet. Det er elles nokre tomter som ikkje er bygd ut, men dei er nytta til lager. Det er truleg mogleg å utnytte arealet innanfor næringsparken betre, men ettersom det er mange grunneigarar er det utfordrande å finne løysingar på dette. Ettersom næringsparken grenser til dyrka mark er det vanskeleg å legge til rette for ei utviding. Omsynet til jordvern står sterkt og det er difor ikkje lagt inn areal for utviding av næringsparken.

Innanfor Vågåmo sentrum er det avsett eit område til næring ved Brustugu. Dette arealet er på 16 daa og er tenkt nytta til hotell og/eller turistinformasjon, opplevingsbasert/kulturbasert næring.

Lalm har hatt god tilgang på ledig næringsareal i fleire år. Det vart i 1980 regulert eit større område for næring på Kolbotten og det er ledig om lag 35 daa som er regulert for formål næring. Dette arealet blir vesentleg redusert ettersom verneområdet til Tolstadkvennerget er vesentleg utvida og det er krav om ei omsynssone C utanfor sjølve bandleggingssona. Kommunen har vore i dialog med fylkeskommunen og fylkeskommunen har vore på synfaring i felt og kome med forslag til omsynssone. Sjå figur 5. Fylkeskommunen og kommunen har blitt samd om avgrensing av omsynssone, noko som inneber at det vil gå tapt om lag to tomter for framtidig næring. Omsynssona vil gå inntil etablert internveg som legg opp til at det skal vere tomter på både sider av denne vegen. Med utviding av omsynssone, slik som fylkeskommunen foreslår, vil det ikkje vere mogleg å bygge ut dei øvre tomtene av dette feltet. Dette er uheldig med tanke på framtidig reserve av næringsareal og utvikling av området, men kommunen har også forståing for at omsynssona bør utvidast. Området på Kolbotten vart regulert i 1980 og Tolstadkvennerget vart vedtaksfreda i 1987. Ved utarbeiding av ny arealdel må det takast omsyn til oppdatert kunnskap om Tolstadkvennerget, som inneber at omsynssona for brotet må utvidast. Ettersom brotet er så spesielt i nasjonal samanheng er det viktig at kommunen tek vare på denne kvaliteten. Ein utbygging av næringsbygg m.v. enda tettare opp til brotet enn det som er der i dag, vil vere uheldig for opplevinga av kulturminnet og det er difor omsynssone H570_100 er sett såpass stor.



Figur 5: Kartutsnitt over Kolbotten på Lalm. Område N17 E har blitt redusert i areal ettersom det har blitt etablert ei omsynssone H570_100 rundt bandleggingssona H730_297.

Innanfor store delar av eksisterande areal som er regulert for næring er det sett opp ein næringspark/næringshall av kommunen. Dette skal gjere det meir attraktivt å få fleire næringsaktørar til å etablere seg på Lalm. Areal i næringsområdet på Kolbotten er ut frå lokalisering mest interessant for lager og industriprega verksemd. Verksemdar som er meir publikumsretta har fram til no ikkje ønska å etablere seg på Lalm. Det er i planforslaget lagt opp til ein utviding av næringsarealet på Lalm. N01 er på 52 daa. Det var opphavleg planlagt ei større utviding, men arealet er redusert for å ta omsyn til omsynssona til Tolstadkvennberget. Næringsarealet på Lalm kan bli attraktivt ettersom det ligg langs rv. 15, med stutt avstand til både Otta og Vågåmo.

Det er avsett eit område som kombinert forretning/næring på Lemonsjøen. Dette arealet er ei vidareføring frå eksisterande kommunedelplan. Lemonsjøen er eit satsingsområde og ein hyttestedstasjon, slik at det synest fornuftig å ha tilgang til eit areal for framtidig forretning/næring i området, sjølv om det per dags dato ikkje ligg føre nokre konkrete planar for området. N02, Klonesodden, er også ei vidareføring frå gjeldande kommunedelplan. Det er planlagt etablering av hotell innanfor området. N03 er formalisering av faktisk bruk av eigedomen. Skultbakken skal utviklast som eit litteratur og kultursenter. Området er under regulering, men reguleringsplanforslaget har stoppet opp på grunn av at området ligg innanfor skredutsett område.

Området var planlagt faresonekartlag, men ettersom Vågå kommune kjem til å få dekt ein del kartlegging gjennom statleg skredkartlegging har kommunen valt å ikkje skredkartlegge nokon område i samband med revisjon av arealdelen. Det er sett krav om at område må faresonekartleggjast på reguleringsplannivå. Det er avsett eit mindre areal ved Maurvangen som skal nyttast som tenestebustad og lager/garasje for Gjendebåten. Tabell 14 viser oversikt over nye område for næring i kommunen.

Tabell 14: Oversikt over nye område som er lagt inn i plankartet.

Nye område	Område	Arealstatus	Ledige tomter
N01	Kolbotten industriområde II	Krav om regulering	52 daa
N02	Klonesodden	Krav om regulering	21 daa
N03	Skultbakken	Krav om regulering	7 daa
N04	Brustugu – nedre	Krav om regulering	16 daa
FO/N01	Utviding Vågå næringspark	Krav om regulering	1,6 daa
FO/N02	Lemonsjøen	Krav om regulering	188 daa
TB/L01	Maurvangen	Krav om regulering	12 daa

Område for idrettsanlegg

Område som er avsett til idrettsanlegg i Vågåmo har tidlegare vore avsett som område for friområde, men det har vore nytta som idrettsanlegg. Sjølv om området får endra arealformål vil det i praksis ikkje innebere noko endring i bruken av arealet. Arealet er difor ikkje konsekvensutgreidd. Det er ikkje avsett nye område for idrettsanlegg.

Område for grav- og urnelund

Det er i kommuneplanen avsett areal til ein mindre utviding av Vågå kyrkjegard. Arealet skal nyttast til urnelund og gravplass for religiøse minoritetar. Tabell 15 viser oversikt over nye område.

Tabell 15: Oversikt over nye område for grav- og urnelund ved Vågå kyrkje

Nye område	Bruksområde	Arealstatus	Areal
GL01	Religiøse minoritetar	Ikkje krav om regulering	0,8 daa
GL02	Urnelund	Ikkje krav om regulering	0,4 daa

Område for kombinert bygging og anleggsformål

Det er avsett fleire område som kombinert formål. Desse område er omtalt og liste opp under formålet som blir omtalt fyrst. Det er mellom anna avsett fleire område i kombinasjon med bustad og desse formåla er da omtalt under område for bustader.

Område for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Kortbaneflyplass på Grov

Vågå kommune ønsker å legge til rette for at flymiljøet i kommunen kan utvikle seg. Ettersom isen på Vågåvatnet blir stadig meir og meir ustabil er det behov for ei flystripe der slik aktivitet kan etablerast. Dette vil også sikre at slik aktivitet kan vidareutviklast på sommartid. Ved 1. gongs høyring av forslag til ny arealdel var det planlagt ei flystripe på dyrka mark ved Sørem. Dette arealet er no fløtt til Grov, eit areal beståande av skogsmark.

Tabell 16: Oversikt over kortbaneflyplass

Nye område	Bruksområde	Arealstatus	Areal
FS01	Kortbaneflyplass	Krav om regulering med KU	390 daa

Gang- og sykkelveger

Det er avsett areal for tre nye gang- og sykkelvegar i Vågå. Tabell 17 viser oversikt over desse.

Tabell 17: Oversikt over nye gang- og sykkelvegar som er lagt inn i planforslaget

Nye område	Arealstatus	Areal
Gang- og sykkelveg mellom Lemonsjøen alpin og Skårdå camping.	Krav om regulering	Ca. 2400 meter
Vidareføring av gang- og sykkelveg frå Sveaholsvegen til Steindalsvegen.	Krav om regulering	Ca. 160 meter
Vidareføring av ny gangveg frå Kvarbergåsen til Hølvegen.	Krav om regulering	Ca. 1000 meter

Det er ikkje lagt inn nye vegar eller avkøyringar. Nye haldningsklasser for avkøyrslar langs riks- og fylkesvegnettet leggjast til grunn. Det visast til § 6.1.1 og § 10.1 i føresegnene der vegen sin funksjonsklasse og haldningsklasse for avkøyrsel/byggegrense går fram. Funksjonsklassane er også vist på plankartet.

Det er ikkje lagt til rette for større byggeområde for bustader i område der det ikkje er eksisterande gang- og sykkelveg.

Grønstruktur

Grønstruktur viser samanhengande turdrag, eller tilnærma samanhengande turdrag og vegetasjonsprega område som ligg i tilknytning til byer eller tettstader. Det er avsett fleire område som er vist som grønstruktur, spesielt område langs vassdrag. Større leikeområde som også ber preg av å vere naturleikeområdet er vist som friområde. Mindre areal som er tydeleg opparbeidde leikeplassar er vist som uteopphaldsareal.

Det er avsett eit nytt område for grønstruktur, G01, ved framtidig område for råstoffutvinning R/N01. Dette området skal fungere som vegetasjonsone og det vil ikkje vere tillat å hogge skogen innanfor området før området for råstoffutvinning er avslutta og ført tilbake til næringsareal.

Landbruk-, natur- og friluftsområde samt reindrift (LNFR-område)

Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNFR-område) utgjer hovuddelen av plankartet. LNFR-område er dyrka mark, skog, fjell, vegetasjonsbelte langs vassdrag, vegar, vegkantar, stigar med meir.

LNFR-område, spreidd bustad

Det er i kommuneplanen avsett fire område for spreidd bustad. Det er i føresegnene opna for at det kan byggjast inntil 3 bustadhus innanfor tre av område utan krav om reguleringsplan. Tabell 18 viser oversikt over desse områda:

Tabell 18: Oversikt over område for LNFR spreidd bustad

Nye område	Bruksområde	Arealstatus	Areal
SB02 Bårstad	Spreidd bustad	Ikkje krav om regulering	11 daa
SB03 Tolstadløkken	Spreidd bustad	Ikkje krav om regulering	10 daa
SB04 Holongsøyom	Spreidd bustad	Ikkje krav om regulering	6 daa
SB05 Sandbu	Spreidd bustad	Ikkje krav om regulering	4 daa

Det har dei siste åra vore behandla få søknader om dispensasjon frå gjeldande kommunedelplanar for frådeling av areal til bustadbygging. Tabell 19 syner tal søknader om dispensasjon til bustadformål som har vore behandla i perioden 2008–2015. Som det kjem fram av tabellen har nesten alle som har søkt om dispensasjon fått godkjend søknaden. Det har da vore lagt vekt på at det ikkje er tilgang til ledige tomter i nærleiken og at omsynet til busetting talar for at det bør bli gitt dispensasjon.

Tabell 19: Oversikt over søknader om dispensasjon til frådeling av areal til bustadformål

År	Tal søknad om disp	Område der det er søkt om dispensasjon	Resultat
2008	0		
2009	1	Nedre Nordheradsveg, Kokkehaugen 2009/386	Avslått
2010	0		
2011	3	Kveom 2010/642, Storrviksroe 2011/452 Finntryu 2010/517	Godkjent frådelt
2012	2	Kveom 2011/616, Øygardsvegen 2011/642	Godkjent frådelt
2013	0		
2014	2	Nedre Nordheradsveg, Kokkehaugen 2015/104	Godkjend frådelt
2015	1	Skjellum, 2015/72 , 3 bustadtomter	Avslått

Ettersom det er behandla så få søknader om dispensasjon i året ønskjer kommunen generelt å ha ein liberal dispensasjonspraksis, under føresetnad at utbygging ikkje er i konflikt med andre interesser. Det er i føresegnene sett følgjande krav som må vere oppfylt for at det skal kunne gis dispensasjon:

- Godkjend tilkomst, vassforsyning og avløp, jf. krav i plan- og bygningslov.
- Tomta skal ikkje råke eller skjemme automatisk freda kulturminne. Dersom det er kjende kulturminne i nærleiken må plasseringa bli vurdert i forhold til kulturminnet sitt nærmiljø og søknaden bli sendt fageining for kulturarv, kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune.
- Tomta skal ikkje vere lokalisert i byggjeforbodssonene langs vassdrag.
- Tomta skal ikkje råke ved viktige område for biologisk mangfald.
- Tomta skal ikkje råke ved dyrka mark og heller ikkje gjere drifta av landbruksareala i området vanskelege.

Vågå kommune har erfaring med at folk som vil bu utanfor sentrum ofte har tilknytning til ein plass og dei ønskjer difor å bygge på denne staden. Det er da ikkje eit godt alternativ å tilby bustadtomter i eit regulert bustadfelt, eller i eit område som er avsett for spreidd bustad. Det er difor ikkje hensiktsmessig å legge til rette for fleire område for spreidd bustad eller regulere større bustadområde som ligg langt frå sentrum og grendesentre. Det er betre å behandle dei få søknadane som kjem i året som dispensasjonssaker.

LNFR-område, spreidd fritidsbusetnad

Vågå kommune har inga tradisjon for å tillate spreidd bygging av fritidsbustader i LNFR-område, noko som blir vidareført i denne planperioden. Det blir difor ikkje avsett noko areal for spreidd bygging av fritidsbustader i LNFR-område.

LNFR-område, spreidd næringsverksemd

Det er lagt inn to område for spreidd næringsverksemd i LNFR-område. Dette er område der tiltaket ikkje fell inn under Landbruk pluss, samstundes som det er ønskje om å innpasse spreidde næringsverksemd i området utan at det kjem krav om reguleringsplan eller dispensasjon. I kommuneplanens samfunnsdel er det fokus på at det skal skapast fleire arbeidsplassar innan kultur- og naturbaserte næringar. Det skal også utviklast ein sterkare gründerkultur i Vågå med fleire innbyggjarar som våger å satse på nye ting og som ser moglegheiter for å etablere egne arbeidsplassar. Tabell 20 viser oversikt over område som er definert som LNFR, spreidd næring.

Tabell 20: Oversikt over område for LNFR, spreidd næring

Nye område	Bruksområde	Arealstatus	Areal
SN01 Pina seter	Spreidd næring	Ikkje krav om regulering	4 daa
SN02 Kalven seter	Spreidd næring	Ikkje krav om regulering. Formalisering av dagens bruk av eigedomen.	9 daa

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

Formålet omfattar alle formar for arealbruk på eller i vassdrag, og tilhøyrande strandsone. Med tilhøyrande strandsone meinast område innover land så langt arealbruken der står i direkte samanheng med vassdrag og arealbruken der.

Det er i plankartet avsett fleire område for kombinert småbåthamn og friluftsområde i vatn. Dette er eksisterande område som blir formalisert ved at arealet blir vist som småbåthamn og friluftsområde. Sjølv om område får endra arealformål vil det i praksis ikkje innebære noko endring i bruken av areal. Desse område er difor ikkje konsekvensutgreidd. Det er avsett eit nytt område innanfor arealformålet bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone. Dette området ligg i tilknytning til Brustugu. Det er ønskje om å utvikle området saman med resten av Brustugu, slik at det kan bidra til at folk stoppar og handlar på Brustugu og sentrum av Vågåmo. For å sikre at området blir vurdert saman med resten av Brustugu er det sett krav om felles regulering.

Tabell 21: Oversikt over område for bruk og vern av sjø og vassdrag

Nye område	Bruksområde	Arealstatus	Areal
VF01 Brustugu - strandline	Friluftsområde	Krav om regulering	13 daa
VF02 Isbane Vågåvatnet	Vatn og friluftsområde	Ikkje krav om regulering	837 daa

Omsynssoner

Sikrings-, støy og faresoner

Omsynssone støy

Alle registrerte støysoner langs veg er vist i plankartet og det er utarbeidd tilhøyrande føresegner til plankartet. Støy er nærmare omtalt i den overordna risiko- og sårbarhetsanalysen.

Omsynssone snøskred

Kartet syner mogleg kjeldeområde og utløpsområde for snøskred (aktsemdskart) og er henta frå Noregs Geologiske Undersøkelse (NGU) sin skreddatabase. Nye byggeområde som ligg innanfor dette området må faresonekartleggjast på reguleringsplannivå.

Omsynssone steinsprang - aktsemdsområde

Kartet syner mogleg kjeldeområde og utløpsområde for steinsprang (aktsemdskart) og er henta frå Noregs Geologiske Undersøkelse (NGU) sin skreddatabase. Nye byggeområde som ligg innanfor dette området må faresonekartleggjast på reguleringsplannivå.

Omsynssone jord- og flomskred - aktsemdsområde

Kartet syner aktsemdsområde som er utsett for flaum- og jordskred. Kartet er henta frå NVE Atlas. Aktsemdskartet for jord- og flomskred viser område med potensiell fare for jord og flomskred. Kartet gir ei god vurdering for fyrste vurdering av skredfare. Noregs Geologiske Undersøkelse (NGU) har utarbeidd det landsdekkande kartet på oppdrag frå NVE. Nokre område er vurdert av geolog og i desse område er aktsemdskartet justert slik at kartet også viser faktisk jord- og flomskredfare.

Omsynssone flom - aktsemdsområde

Kartet syner aktsemdsområde som er utsett for flom. Kartet er henta frå NVE Atlas. Aktsemdskartet viser område med potensiell flomfare. Kartet er svært grovmaska og må brukast deretter.

Omsynssone reell flom Vågåmo

Område som NVE har utarbeidd flomsone for er vist i kartet. Dette er reell flomfare og viser 200- års flom for Vågåmo.

Omsynssone reell skredfare

Kartet syner område som er faresonekartlagt med omsyn til ras- og skred av geolog. Kartet viser difor reell fare for snøskred, steinsprang og jord- og flomskred. Vågå kommune kartla mellom anna fleire område i samband med revisjonen av kommunedelplan for Vågåmo i 2008. Desse område står omtalt i NGI- rapport 20071802-1.

Omsynssone for kraftline-høgspenningsanlegg

I Vågåmo er det etablert ei stor transformatorstasjon ved Finnkanten og fleire store kraftliner kryssar difor gjennom Vågåmo. Dei største høgspenningslinene som er på 300 og 132 kV (kilovolt) er vist som omsynssone med breidde på 100 meter i plankartet. Det er utarbeidd tilhøyranda føresegnar til omsynssonene.

Omsynssone sikringssone drikkevatt for: Tessand, Vågåmo, Stokstadåsen, Brennsletten, Lalm, Sjørdalen og Lemonsjøen.

Kartet syner område der det er avsett sikringssone for drikkevatt. Det er utarbeidd retningsliner for sikringssonene som regulerer aktiviteten innanfor areala vist som omsynssone.

Sone med særlege omsyn

Område med særleg verdifullt landbruk

Det er tre område i plankartet som er vist som omsynssone jf. pbl. § 11–8 bokstav c, område med særleg verdifullt landbruk. Dette er område med viktig natur- og kulturkvalitetar.

H510_01 Særleg verdifullt landbruk, Randsverk

Fulldyrka og overflatedyrka areal i daa	Innmarksbeite i daa	Naturbeitemark i teigar og daa	Tal setrer	Tal setrer med mjølkeproduksjon
268 daa	369 daa	158 daa og 4 teiger	16	0

H510_02 Særleg verdifullt landbruk Bringen, Bøneslia, Moasetrin og Lemonsjøen

Fulldyrka og overflatedyrka areal i daa	Innmarksbeite i daa	Naturbeitemark i teigar og daa	Tal setrer	Tal setrer med mjølkeproduksjon
4525 daa	1850 daa	535 daa og 40 teiger	95	9

H510_03 Særleg verdifullt landbruk Russlia

Fulldyrka og overflatedyrka areal i daa	Innmarksbeite i daa	Naturbeitemark i teigar og daa	Tal setrer	Tal setrer med mjølkeproduksjon
99 daa	279 daa	186 daa og 4 teiger	3	1

Område med særleg viktig naturmiljø og omsyn landskap

Omsynssoner viser område der det er registrert nasjonalt viktige naturtypar, prioriterte artar m.m. Innanfor omsynssonene er det ikkje tillate å setje i verk tiltak som er i strid med den kvaliteten som er registrert innanfor området. Følgjande omsynssoner jf. pbl. § 11–8 bokstav c er vist i kommuneplanens arealdel:

H560_01–H560_75 Særleg verdifullt naturmiljø, utvalde naturtypar, prioritert artar m.m

H560_68 Særleg verdifullt naturmiljø, område for vinterelg

H550_01–H550_2 Fjosranden og esker sør for Bessa

Område med særleg verdifullt kulturlandskap/kulturminne

Det er fleire område som er vist som omsynssone jf. pbl. § 11–8 bokstav c, område med særleg verdifullt kulturlandskap/kulturminne. Dette er område som har verdifulle kulturlandskapskvalitetar både lokalt og meir regionalt og nasjonalt. Det skal først ein streng dispensasjonspraksis innanfor

område som er registrert som særleg verdifullt kulturlandskap. Kartet er mellom anna basert på data frå Riksantikvaren sin database Askeladden.

I samband med den nasjonale registreringen av kulturlandskap i Noreg i 1993 vart det vald ut 13 større område i fylket som vart vurdert til å ha stor verdi spesielt for kulturminne og biologisk mangfald, samstundes som dei representerer mykje av variasjonen i fylket. Seks av desse område vart valt ut i den nasjonale oversikta over verdifulle kulturlandskap i Noreg. Ved utveljing av dei 13 område vart det lagt vekt på å få representert større, heilskaplege område med stor verdi for både biologisk mangfald og kulturminne, samstundes med god geografisk spreiding i fylket. Av 13 registrerte område i Oppland er 7 vald ut for oppfølging. For Nord- Gudbrandsdalen gjeld det Bøverdalen i Lom, Grimsdalen i Dovre, Heidal i Sel og Nordherad i Vågå. Følgjande omsynssoner jf. pbl. § 11–8 bokstav c er vist i kommuneplanens arealdel:

H570_01	Heilhetleg kulturlandskap Nordherad
H570_109	Kulturlandskap Sandbu
H570_110	Kulturlandskap Haugøy, Øy, Gardsøy, Sve, Øygardene
H570_111	Kulturlandskap Blessom
H570_02	Forsthytta Randsverk med do og uthus
H570_105	Steinmur i sentrum av Vågåmo
H570_106	Rydningrøyser i sentrum av Vågåmo
H570_104	Finna
H570_90–H570_103	Bergverksemd Bårstad- Tolstadåsen–Sagflaten
H570_03–570_23	Freda lokalitetar/gardstun/verneverdige bygningar
H570_30–570_89	Freda lokalitetar/gardstun/verneverdige bygningar
H570_107–H570_108	Freda lokalitetar/gardstun/verneverdige bygningar

Omsynssone bevaring av naturmiljø

Kartet er basert på registreringar av utvalde naturtypar og utvalde artar, samt naturtypar med A-verdi i Naturbase. To område der det er registrert velforma eskere frå siste istid er vist med omsynssone i plankartet. Innanfor omsynssonene er det ikkje tillate å setje i verk tiltak som er i strid med den kvaliteten som er registrert innanfor området. Følgjande omsynssoner jf. pbl. § 11–8 bokstav c er vist i kommuneplanens arealdel:

H560_01–H560_75	Særlig verdifullt naturmiljø, utvalde naturtypar, prioritert artar m.m
-----------------	--

H560_68 Særleg verdifullt naturmiljø, område for vinterelg

H550_01–H550_02 Særleg verdifullt landskap, eskere

Sone for bandlegging

Sone som er bandlagt etter lov om kulturminne

Kulturminne frå 1537 og eldre er automatisk freda jf. lov om kulturminne §§§ 4, 6 og 8. Automatisk freda er også ståande byggverk frå perioden 1537–1649. I plankartet er det vist bandleggingszone etter kulturminneloven for område som er freda og 5 meters sikringszone. Sonene er henta frå Riksantikvarens database Askeladden.

Dersom det i samband med tiltak i mark blir funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjend, skal arbeidet straks stansast i den grad det råker kulturminne eller deira sikringszone på fem meter (kulturminneloven § 8). Alle tiltak som vil eller kan råke slike kulturminne skal leggjast fram for kulturminnestyresmaktene for godkjenning (Oppland fylkeskommune). Undersøkingssplikten etter kulturminneloven § 9 skal oppfyllest i samband med eventuell reguleringsplan. Alle reguleringsplanar skal sendast kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune til uttale. Vi vise elles til www.asketadden.no der alle kjende kulturminne er registrert.

Innanfor bandlagde område er det ikkje tillate å setje i verk tiltak som er i strid med bandleggingsformålet. I plankartet er det vist bandleggingszone for område som er verna etter kulturminneloven:

H730_01–H730_275	Automatisk freda lokalitetar med sikringszone
H730_277–H730_342	Vedtaksfreda lokalitetar
H730_343	Vågå kyrkje
H730_344–H730_356	Freda bygningar Sandbu gard
H730_357–H730_365	Freda bygningar Håkenstad gard
H730_366–H730_373	Freda bygningar Storvik midtre gard
H730_374	Freda bygning ved Otta elv
H730_375–H730_379	Freda bygningar Kvarberg gard

Sone som er bandlagt etter lov om naturvern

Følgjande område er freda etter naturvernloven:

H720_1	Jotunheimen nasjonalpark NP
H720_02	Reinheimen nasjonalpark NP

H720_03	Finndalen LVO
H720_04	Ottadalen LVO
H720_05	Stuttgonglie NR
H720_06	Bakelie NR
H720_07	Ridderspranget NR
H720_08	Blessumkalvkveen naturreservat
H720_09	Sandehorten naturreservat
H720_10	Vistehorten naturreservat
H720_11	Veogjeldet-Hindsæterkampen NR

Detaljeringssoner

Detaljeringszone. Reguleringsplanen skal framleis gjelde

I plankartet er det vist detaljeringszone for alle reguleringsplanar som framleis skal gjelde framfor kommuneplanen. Reguleringsplanen er tilgjengelege i webkartet til Vågå kommune.

Planen sin verknad

Konsekvensutgreiing

Etter plan- og bygningslova § 4–2 skal alle kommuneplanar med rammer for framtidig utbygging ha særskilt vurdering og omtale av planen sine verknader for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiing (KU) skal vere ein del av planskilddinga og den skal skildre verknadene for einskilde område og den samla verknaden for arealbruksendringane i planen.

Konsekvensutgreiinga skal skildre verknader for miljø og samfunn ut frå føreliggjande kunnskap og eventuell nødvendig oppdatering av kunnskap. Utgreiinga skal vere relevant for å fatte ei avgjerd og skal vere tilpassa omfanget til tiltaket og konfliktgraden. Det blir vist til eigne dokument som følgjer kommuneplanen for *Konsekvensutgreiing for einskilde område og samla konsekvensutgreiing for heile kommunen*.

Arealrekneskap og dyrka mark

Det er utarbeidd eit arealrekneskap som viser oversikt over samla areal som blir råka av nye område i arealdelen. Frå 2. til 3. gongs høyring og sluttbehandling har samla areal som blir råka av ny utbygging blitt noko lågare ettersom areal til kortbaneflystripe på Grov er redusert i areal og det er tatt ut fleire område for framtidig fritidsbustader. Det er totalt lagt til rette for at om lag 2556 daa skal omdisponerast til anna formål, av dette er 62 daa fulldyrka areal. Det er avsett 1 daa til framtidig gang- og sykkelveggar. 61 daa er avsett til andre byggeområde og av desse er 34 daa ei vidareføring frå gjeldande kommunedelplan. Det er avsett 14,5 daa ved Randsverk camping til framtidig fritids- og

turistformål. Dette arealet er under sterk attgroing og arealet har ei liten framtidig landbruksverdi. Samla sett har det vore lagt stor vekt på omsynet til jordvernet i arbeidet med arealdelen. Det er også ført tilbake 31 daa fulldyrka jord. Det er dermed ført tilbake meir dyrka mark enn det er planlagt for ny bygging på dyrka mark ettersom arealet ved Brustugu på 27 daa og Smedsmo på 7 daa er ei vidareføring frå tidlegare kommunedelplan. Denne oppsummeringa viser at det er lagt stor vekt på omsynet til jordvernet ved utlegging av nye område i planforslaget.

Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)

Innleiing

Plan- og bygningsloven av 2008 seier at all planlegging skal fremje samfunnstryggleik ved å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar m.v. Etter plan- og bygningsloven § 4–3 skal alle kommuneplanar med rammar for framtidig utbygging ha utført ein risiko- og sårbarhetsanalyse for planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetstilhøve som kan ha avgjer for om arealet er egna for utbygging, og ev. endring i slike tilhøve som ein følgje av planlagt utbygging. Området med fare, risiko eller sårbarhet skal merkast i planen som omsynssone, med tilhøyrande føresegner om utbygging i sonen, mellom anna forbod som er nødvendig for å unngå skade eller tap. Det er utarbeidd eigne temakart for risiko- og sårbarheit.

Status

Vågå kommune har i samarbeid med Lesja, Dovre, Sel, Lom og Skjåk utarbeidd ein heilhetleg ROS-analyse for kommunane. Vågå kommunestyret vedtok regional heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse med tilhøyrande kommunal handlingsplan i kommunestyret 8. mars 2016. Analysen skal imøtekomme krava i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret og forskrift om kommunal beredskapsplikt. «Veileder til heilskapleg ROS-analyse i kommunane» er brukt som utgangspunkt for arbeidet. Konsekvens av ulike hendingar er i analysen vurdert opp mot 4 fokusområde:

- Liv og helse
- Natur og miljø
- Materielle verdiar
- Stabilitet samfunn

Hendingane som er analysert er gruppert etter følgjande tema:

- Naturhendinger
- Store ulykker
- Tilsiktande hendingar–terrorisme

Det visast til den overordna ROS-analysen for meir detaljar. Det er eit aukande fokus på beredskap og samfunnstryggleik i dagens samfunn. Det er fleire påminningar dei seinare åra som gjer at folks medvit om beredskap og tryggleik er skjerp. Det er fleire døme både på klimarelaterte hendingar og menneskelege hendingar dei seinare åra. Det er også døme på at kritisk infrastruktur har svikta og ført til svikt i straum, data og telefoni i større eller mindre delar av landet.

Eit trygt samfunn er ein føresetnad for at innbyggjarane skal trivst der dei bur. Tryggleik kan omfatta både personleg og økonomisk tryggleik, helse, velferd og beredskap i forhold til ulykker og sjukdom. Mykje av tryggleiken og den daglege beredskapen blir tatt i vare av ein god brannberedskap, helseberedskap og ei operativ polititjeneste.

For at lokalsamfunnet skal vere robust er det viktig at ein søker å avdekke område med auka risiko. Dette kan gjerast gjennom systematisk og kontinuerleg arbeid med å avdekke risikoområde og førebygge desse, eller kunne sette i verk skadeavgrensande tiltak

Det er også viktig at ein kjenner til eigne og andre sine beredskapsmessige sterke og svake sider gjennom hyppig samhandling med andre offentlege og private samfunnsaktørar. Det er kommunen som må vere pådrivar i dette arbeidet. I denne ROS-analysen blir tema som er relevante for kommuneplanens arealdel trekt fram. Det er gjort ein vurdering av risiko- og sårbarhet for eksisterande byggeområde og nye byggeområde. Vidare må dei lokale tilhøva vurderast nærmare gjennom detaljplanlegging av nye utbyggingsområde.

Tema for vurdering av ROS

Naturgitte tilhøve–nedbør, overflatevatn, flom og ras

Vågåmo er lagt på ei elvevifte ved munningen av Finna, samt at eit mindre sidevassdrag, Nugga, drenerer til den same vifta. Elvevifter er generelt flaumutsett, då sjølv den kvartærgeologiske formasjonen er avsett som følgje av massetransporten i vassdraget. Flaumvassføring i Finna (og Nugga) utgjør vesentlege risikoelement, og dei er derfor kraftig førebygd og sikra med flaumverk. Lågpunkt i planområdet er difor likevel byggbare område. Dei flaumutsette areala er i dag knytta til Vågåvatnet og Otta.

Dei topografiske forhold i kommunen er dominert av store dalføre. Lausavsetningar er generelt sterkt ravinert (særleg etter Storofsen 1789). Lausmassar i kommunen er ofta prega av bresjøsedimenter som er massetypar som er utsatt for stor nedbørsmengder, både ved at vatn vanskeleg drenerer gjennom massane og at ein stor del av lausavsetningane består av eroderbare partikkelstorleikar. Fjellet i berggrunnen er også delvis av låg kvalitet, slik at ein frå tid til annan opplever store steinsprang, t.d. i dei stupbratte sidene under Skagsnebb.

Vågå har eit innlandsklima med lite nedbør, kalde vintrar, relativt varme somrar og store forskjellar mellom dag- og nattetemperatur i sommarhalvåret. Kalde og nedbørfattige vintrar fører innimellom til store problem knytt til djup tele og kjøving. Større eller mindre flomsituasjonar i hovudvassdraget Otta opptrer ofte, men gjer erfaringsmessig mindre skade. Hendingar i 2006, 2011 og 2013 viser at mykje regn over stutt tid kan føre til fleire jord- og flaumskred som kan føre til store skadar.

Det er venta at høgare temperatur og fleire intense nedbørsperiodar, vil ha verknad på flomtilhøva. For dei større vassdraga er situasjonen godt kjend og mykje er gjort for å sikre samfunnsverdiar gjennom mellom anna førebyggingar og flaumverk langs Finna. Det er særleg i dei mindre vassdraga det kan bli auka risiko for jord- og flomskred på grunn av intens lokal nedbør. Det er difor viktig å ha fokus på små bekker og vassdrag ved omdisponering av areal til byggeområde ettersom kunnskapsgrunnlaget er mindre her. Det er også viktig å ha fokus på handtering av overflatevatn og fare for utgliding av lausmasse ved utlegging av nye byggeområde. Det er også viktig å ha fokus på eksisterande område som er bygd ut. Område som tidlegare vart oppfatta som byggbare, kan ha fått endra status ved utarbeiding av NGU sin skreddatabase som viser kjeldeområde og utløpsområde for flom- og jordskred.

I tettbygde strøk har det også vist seg at intenst regn gir større vassmengder enn det dei naturleg eller etablerte avløp greier å ta unna. Dette kan gje stor skade, mellom anna på bygningar og vegar og auka partikkeltransport i vassdrag. Avsetning av massar kan gje tette avløp, stikkrenner og naturlege elveløp. Dette gjer at vatnet kan ta nye vegar. Ein del av dette kan skuldast store asfalterte flatar som ikkje klarar å ta hand om overvatn. Ved utbygging må det vurderast om det skal gjennomførast tiltak som tek hand om overvatnet på ein betre måte med infiltrasjonsanlegg, fordrøyning og/eller sikre alternative flomvegar. Det må også sikrast at det er tilstrekkeleg grad av kantsoner langs vassdrag.

I planområdet er det særleg skred og flom som kan gi hendingar med alvorleg konsekvens. I Vågå kommune er det utført ein del skredkartlegging tidlegare. I samband med revisjonen av kommunedelplan for Vågåmo vart det i 2008 faresonekartlagt fleire område. Rapport 20071802–1 utarbeidd av NGI skildrar fare for utvalde område for alle skredtypar. Område som er kartlagt og som er omfatta av faresone for ras og skred er vist på tematisk kartutsnitt og har tilhøyrande føresegner.

Årsnedbøren i Noreg har auka med rundt 20 % etter 1900 og den største aukinga har vore etter 1980. Klimaframskrivingar tyder på følgjande:

- Årsnedbøren vil fortsette å auke, i gjennomsnitt med 5–30 % mot slutten av hundreåret.
- Det blir fleire dagar med nedbør, og nedbørsintensiteten blir større for desse dagane.
- Risiko for problem knytt til overflatevatn på vinterstid vil kunne auke på grunn av tele i bakken, snøsmelting og kraftig regn. Det er difor viktig at handtering av overflatevatn blir tilpassa endringar i klima og nedbør.
- Vågå ligg i ein del av landet der det har vore lite nedbør og det er ei utfordring at naturen ikkje er budd på ekstremnedbør som i andre delar av landet. Ved store mengder med nedbør er det stor fare for utrasing av lausmasse i dalsidene.

Alle nye byggeområde er vurdert opp mot NGU sin skreddatabase som viser kjeldeområde og utløpsområde for snøskred, steinsprang og flom- og jordskred, som er vist i arealplankartet som omsynssone med tilhøyrande føresegner. Arealplankartet viser også eksisterande byggeområde som er omfatta av kjeldeområde og utløpsområde for snøskred, steinsprang og flom- og jordskred.

Alle nye utbyggingsområder for Vågåmo er også vurdert opp mot flomsonekart som er utarbeidd av NVE. Vågåmo som NVE har utarbeidd flomsone for er vist som omsynssone i arealplankartet med tilhøyrande føresegner. Vidare er det stilt krav om at det må gjennomførast nødvendige sikringstiltak før det kan tillatast byggje- og anleggstiltak i slike område. Område som er omfatta av aktsemdsområde for flom er vist på tematisk kartutsnitt. Dette kartet viser heile Vågå. Kartet er grovmaska og må brukast deretter.

I føresegnene til arealdelen § 5. 1 *rekkeføljekrav i tilknytning til utbygging*, er det sett fleire krav som sikrar at utbyggingsområde må vere friskmeldt for skredfare og fare for flom før dei kan byggjast ut. Det er også i føresegnene sett krav om overvasshandtering, jf. § 4.2.

For å ta omsyn til risikoen for flom og ras/skred i tilknytning til mindre bekkar og elvar er det i føresegnene sett krav om at *minimum ei sone på 20 meter på kvar side av bekkar og elvar er potensielle fareområde, og skal som hovudregel ikkje nyttast til byggjeformål. På strekningar med lausmasseskråningar høgare enn 20 m bør breidda vere minst like høg.*

Med bakgrunn i at potensielle fareområde er vist som omsynssone med tilhøyrande føresegner og at det er utarbeidd generelle føresegner til nye utbyggingsområde, bør risikoen og sårbarheten knytt til naturgitte tilhøve vere tilstrekkeleg utredet og varetatt i planforslaget.

Støy

Støy er ein kjelde til plager og desse kan avgrensast dersom vurderingar knytt til støy kjem tidleg inn i planprosessen. Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) skal leggjast til grunn for arealplanlegging og utbygging. For eksisterande tilhøve gjeld Forurensingsforskriften kapittel 5 «*Støy-kartlegging, handlingsplanar og tiltaksgrenser for eksisterande verksemd*».

Målsettinga er å leggje til rette for ein langsiktig arealdisponering som førebygge støyproblem, og som tek vare på stille og lite støypåverka natur- og friluftsområde. Støyretningsline tilrår at det blir utarbeidd støysonekart og at støysonene blir vist i plankartet.

I samband med planarbeidet er tilgjengelege støysoner lagt inn i plankartet som omsynssone. Dette gjeld støysoner langs vegar, basert på Statens vegvesen sine data. I tillegg er støyretningsline T-1442 med grenseverdiar for støynivå gjort gjeldande gjennom reguleringsføresegnene, jf. § 5. 1 *rekkeføljekrav i tilknytning til utbygging*, § 7. 1 *støy* og § 14. 1 *omsynssone støy*. Der det er planlagt ny verksemd som vil skape støy er det sett krav om utarbeiding av støyanalyse i samband med utarbeiding av reguleringsplan, som nye område for råstoffutvinning.

Høgspent og stråling

Høgspentliner og transformatorstasjonar kan gje helseskadeleg elektromagnetisk stråling. Det går fleire store kraftliner gjennom Vågå. I Vågåmo er det etablert ei stor transformatorstasjon ved Finnkanten og fleire store kraftliner kryssar difor gjennom Vågåmo. Dei største høgspentlinene som

er på 300 og 132 kV (kilovolt) er vist som omsynssone med bredde på 100 meter i plankartet. Det er ikkje planlagt nye byggeområde innanfor desse omsynssonene, men det er eksisterande busetnad innanfor desse sonene. Det er i føresegnene § 14.4 sett krav om at ved ny eller endring av eksisterande busetnad innanfor faresoner for kraftliner skal det leggjast fram ein måling av strålingsnivå. Det tillatast ikkje nye bustadhus dersom strålingsnivået overskrid 0,4 μ T. Tilbygg til eksisterande bygningar skal så langt det er mogleg plasserast slik at det får minst mogleg strålingsnivå.

Radon

Radon er ein radioaktiv gass som finst naturleg i grunnen. Radon inngår i ei kjede for nedbryting av uran til stabilt bly. Radon finst i alle typar bergartar og lausmassar, men særleg høge konsentrasjonar finst i alunskifer og enkelte granittar. Radon medfører helsefare ved at det oppstår for høge strålingskonsentrasjonar i innelufta i bustader. Ny byggteknisk forskrift (TEK 10) stiller krav om førebyggjande tiltak for radon. Dette kravet sikrar at omsynet til radon er vareteken ved gjennomføring av byggetiltak.

Infrastruktur – Alvorleg trafikkulykke

Rv. 15 og FV. 51 har til dels stor trafikkbelastning med vesentleg innslag av gods- og kollektivtrafikk, og med stor persontrafikk i sommarsesongen. Vegstandaren er ikkje meir enn alminneleg for riksveg, men det er likevel ikkje så mange trafikkulykker med personskeidar eller dødeleg utgang. Det skjer også viltpåkøyrslar kvart år.

For å redusere risikoen for trafikkulykker må dei mest sårbare vegstrekningane utbetrast. Dette må skje i samarbeid med Statens vegvesen. Det har blitt utarbeidd reguleringsplan for utbetring av rv. 15 kryss fv. 51 ved Randen og prosessen med å utbetre rv. 15 ved Rudilykkja til Solheimsvingen på Lalm er i sluttfasen. Dette er to vegstrekningar der det skjer flest ulukker og det er viktig at desse område blir utbetra etter at reguleringsplanen er godkjend.

I samband med kommuneplanens arealdel har det blitt lagt inn tre nye område der det er ønske om bygging av gang- og sykkelveg. Dette er strekningar der det er stort behov for gang- og sykkelveg og ei utbygging må skje i samarbeid med Statens vegvesen. I 2014 vart ny gang- og sykkelveg frå Klebervegen og til eksisterande gang- og sykkelveg på Lalm ferdigstilt. Reguleringsplanprosess med å få bygd gang- og sykkelveg langs nedre del av Skogbygdsvegen er ferdig. Dette er tiltak som vil vere med å gjere at mange mjuke trafikantar får ein tryggare kvardag. Det er mange smale, bratte og svingete vegar i Vågå som blir nytta som skuleveg. Det er i planforslaget lagt vekt på at det ikkje blir opna for nye større bustadfelt i slike område før gang- og sykkelveg er på plass. Det er berre opna for mindre utbygging i form av spreidd busetnad og einskilde søknader som kjem som dispensasjonar.

Ulovleg verksemd- terrormål og bortfall av kritisk infrastruktur

Drikkevassforsyning, offentlege bygg og institusjonar kan vere objekt som er utsett for sabotasje eller terror. Det er ikkje mogleg å sikre seg mot slike handlingar, og det er difor viktig å vere budd på at slike ting også kan skje i Vågå. Dette er teke i vare i overordna ROS- analyse og øvingar.

Bortfall av kritisk infrastruktur som tele og datakommunikasjon er noko ein må vere budd på. Vågå kommune har fokus på dette og rådhuset, Vågåheimen og administrasjonsbygget til AS Eidefoss har nødstrømsaggregat. AS Eidefoss har rasjoneringsplan for leveranse av elektrisk kraft i ein krisesituasjon. Det blir her vist til beredskapsplanverk Vågå kommune, vedtatt 08.03.2016 i kommunestyresak 18/16 som også viser oversikt over kommunikasjonsutstyr.

Større brannfare og brannfare knytt til bygningsmasse

Skogbrann er generelt ei sjeldan hending i Ottadalskommunane. Skogen i regionen er i hovudtrekk furuskog og lauvskog. Det er store område som ligg over tregrensa og her er det risiko for lyng og bråtebrann. I tørkeperiodar om sommaren kan skogbrannfaren vere stor. Ved større skogbrannar er den største risikoen det økonomiske tapet, medan det svært sjaldant førar til fare for menneske.

Terrenget er krevjande da område ligg i bratte dalføre. Ulendt terreng og vanskeleg tilkomst kan gjere det vanskeleg med effektivt sløkkjearbeid. Turistaktivitet og rett til fri ferdsel gjer det vanskeleg for grunneigarane å førebygge skogbrannar. Det er difor viktig å ha god beredskap i regionen. Vår lokale 110-sentral på Elverum har oversikt og tilgang til gjeldande fylkeskommunale og nasjonale skogbrannberedskapsavtaler. Dette gjeld skogbrannovervaking med fly i Oppland, beredskap for innsats med helikopter og leiarstøtteordning ved handtering av skogbrannar.

Brannvesna i dei fire kommunane Sel, Vågå, Lom og Skjåk samarbeider og felles overordna vakt, som har til primæroppgåve å samordne ressursar og handtere større ulykker og hendingar i regi av brannvesenet i desse kommunane. Det blir her vist til Vågå kommune sin beredskapsplan for skogbrann frå 2013.

Når det gjeld brann knytt til bygningsmasse så er det ikkje mogleg å sikre seg mot slike hendingar, men førebyggjande arbeid er viktig, og kommunen driv aktivt med dette. Kommunen har mellom anna ein stor del freda- og verneverdige bygningar som utgjer ein risikogruppe. For slike bygningar har det vore stort fokus på brannceller, sprinkelanlegg og motering av røykvarslarar. Kommunen er også godt budd på at branntilfelle kan og vil skje. Alle nye byggeområde som er lagt inn i kommuneplanens arealdel er vurdert med omsyn til innsatstid og tilgang til sløkkevatn i konsekvensutgreiinga.

Naturmangfald

Kommunen må ta omsyn til naturverdiar og artar i si planlegging og unngå tiltak som kan føre til skade på naturmangfaldet, økosystem og arter etter §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova.

Naturmangfaldlova sine prinsipp etter §§ 8–12 skal leggjast som grunn som retningsline ved offentleg avgjerd.

Databasen og karttenestene Naturbase og Artskart er tilgjengeleg på internett og desse basane gjev ei god oversikt over registrerte naturtypar og artsførekomstar. Område som er verna etter naturmangfaldlova er markert som omsynssone–bandlagt jf. plb. § 11–8 d. Område som har status som utvald naturtype, verdi A, jf. forskrift om utvalde naturtypar er vist som omsynssone med tilhøyrande retningsline jf. pbl § 11–8 c. Prioriterte artar og deira funksjonsområde er også vist som omsynssone i arealplankartet. Område som blir nytta som beiteareal for trekkelgen i Sjudalen er vist som omsynssone med tilhøyrande retningsline.

Det er utarbeidd eit eiga temakart som er juridisk bindande. Dette temakartet syner natur- og biologisk mangfaldverdiar innanfor Vågå kommune. Dvergmarinøkkel og dvergjordstjerne er vist på temakartet ettersom det er kritisk truga raudlisteartar. Vågå kommune har eit viktig ansvar i å ta vare på dvergjordstjerne ettersom dei største førekomstane i Noreg vart oppdaga i Vågå i 2007. Førekomstar av drakehovud er vist på kartet ettersom det er ein prioritert art.

Der er utført ein oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald, jf. naturmangfaldloven, når det gjeld eit område for fritids- og turstformål ved Randsverk.

Landskap, kulturlandskap og kulturminne

Kommunen må greie ut konsekvensane av nye tiltak for verdiar i kulturlandskapet. Her skal ein leggje vekt på landskapet sitt autentiske preg, og vesentlege element som kulturminne, bygningsmiljø, kantsoner, åkerholmar, bekkedrag, beitemark, geilar og vegfår, og biologisk viktige område. Undersøkningsplikta etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest. Det skal også takst omsyn til landskap generelt, jf. føringar m.a. i *Den europeiske landskapskonvensjonen (2004)*.

Område med særleg verdifullt kulturlandskap er vist som omsynssone med tilhøyrande retningsline i plankartet. Det er ikkje foreslått ny utbygging innanfor desse område.

Metodikk

Sannsynlegheit

Ved vurdering av sannsynlegheit er sannsynlegheiten gruppert i 5 grupper

1. Lite sannsynleg	1 hending kvart 100. år eller sjeldnare
2. Mindre sannsynleg	Meir enn 1 hending kvart 100. år, men mindre enn 1 hending kvart 50. år
3. Sannsynleg	Meir enn 1 hending kvart 50. år, men mindre enn 1 hending kvart 10. år.
4. Meget sannsynleg	Meir enn 1 hending kvart 10. år, men mindre enn 1 hending per år.
5. Svært sannsynleg	Meir enn 1 hending kvart år.

Konsekvens

Konsekvens er vurdert ut frå tema liv og helse, ytre miljø og økonomisk verdi/produksjonstap. Det temaet som gir den høgaste verdien danne grunnlag for talfesting av konsekvens.

	Liv og helse	Ytre miljø	Økonomiske verdier/produksjonstap
1. Ufarleg	Ingen personskader	Ingen skader	Skader for <100 000 kr
2. Ein viss fare	Få og små personskader	Mindre skader, lokale skader	Skader for 100 000 kr til 1. mill. kr
3. Farleg	Alvorlege personskader	Omfattande skader, regionale konsekvensar med restitusjonstid < 1 år	Skader for 1-10 mill. kr
4. Kritisk	Alvorlege skader/ein daud	Alvorlege skader, regionale konsekvensar med restitusjonstid >1 år	Skader for 10 – 100 mill. kr
5. Katastrofal	Ein eller fleire daude	Svært alvorleg og langvarige skader, uoppretteleg miljøskadar	Skader for > 100 mill. kr

Kategorisering av risiko

Risiko er kombinasjonen av sannsynlegheit og konsekvens. Det er brukt eit eiga skjema for samanstilling av sannsynlegheit og konsekvens, samt fargekodar for kategorisering av risiko.

Konsekvens:	1.Ufarleg	2.Ein viss fare	3.Farleg	4. Kritisk	5.Katastrofal
1.Lite sannsynleg	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Gul
2.Mindre sannsynleg	Grøn	Grøn	Grøn	Gul	Raud
3. sannsynleg	Grøn	Grøn	Gul	Raud	Raud
4. Meget sannsynleg	Grøn	Gul	Raud	Raud	Raud
5.Svært sannsynleg	Gul	Raud	Raud	Raud	Raud

Grøn	Akseptabel risiko – areala kan nyttast som planlagd utan tiltak
Gul	Akseptabel risiko- risikoreduserande tiltak må vurderast før areala kan takast i bruk
Raud	Uakseptabel risiko- risikoreduserande tiltak må settast i verk før areala kan takast i bruk

Analyseobjekt

Nye eller endra arealbruk i kommuneplanens arealdel for perioden 2016-2026 blir lagt til grunn for vurdering av risiko og sårbarheit.

Bustad

Nye utbyggingsområde	Namn	Arealstatus	Areal	Tal tomter (ca.)
	B01 Brustugu	Krav om regulering	11 daa	leilegheiter
	B02 Brustugu	Krav om regulering	4,5	Eksisterande tun
	B03 Lalm sentrum	Krav om regulering	25 daa	15
	B04 Lalm sentrum II	Krav om regulering	5 daa	5
	B/FO/K01 Brustugu	Krav om regulering	11 daa	Kombinert bustad/forretning/kontor
	B/FO/K02 Engum tomta	Krav om regulering	2,4 daa	Kombinert bustad/forretning eller eit av arealformåla
	B/FO/K03 Smedsmo	Krav om regulering	7 daa	Kombinert bustad/forretning/kontor
	B/N/K02 OKB-tomt	Krav om regulering	2,8 daa	Kombinert bustad/næring/kontor

Fritidsformål

Nye utbyggingsområde	Namn	Arealstatus	Areal	Tal tomter (ca.)
Lemonsjøen	F01 Slombhaugen	Krav om regulering	238 daa	80
	F05 Fjellsida	Krav om regulering	75 daa	56
Storviksmorkje	F02 Ormeholet	Krav om regulering	38 daa	15
Melingen	F03 Grasdokken	Krav om regulering	64 daa	30
	F04 Reiregrende	Krav om regulering	6 daa	4
	F08 Veidarheim	Ikkje krav om regulering	2 daa	2
Vågåmo	F09 Jetta	Krav om regulering	210 daa	70

Fritids- og turistformål

Nye område utbyggingsområde	Namn	Arealstatus	Areal	Tal tomter (ca.)
Tessosen	FT01	Krav om regulering	24 daa	
Randsverk	FT02	Krav om regulering	32 daa	
Tesse	FT03	Krav om regulering	8 daa	
Lemonsjøen	F/FT01	Krav om regulering	64 daa	

Råstoffutvinning

Nye område	Råstoff/produkt	Arealstatus	Areal
R01 Hanslien	Grus/sand	Krav om reguleringsplan og utarbeiding av støyanalyse	25 daa (utviding av eksisterande område)
R02 Ristigdalen	Stein/skifer	Krav om regulering og utarbeiding av støyanalyse	12 daa
R03 Blåhøvegen	Grus/sand	Ikkje krav om regulering. Berre lov å ta ut inntil 3000m ³	6 daa
R/N01 Tolstadmoen II	Grus/sand	Krav om reguleringsplan og utarbeiding av støyanalyse.	42 daa

Næringsareal

Nye område	Område	Arealstatus	Ledige tomter
N01	Kolbotten industriområde II	Krav om regulering	52 daa
N02	Klonesodden	Krav om regulering	21 daa
N03	Skultbakken	Krav om regulering	7 daa
N04	Brustugu	Krav om regulering	16 daa
FO/N02	Lemonsjøen	Krav om regulering	188 daa
TB/L01	Maurvangen	Krav om regulering	12 daa

Grave- og urnelund

Nye område	Bruksområde	Arealstatus	Areal
GL01	Religiøse minoritetar	Ikkje krav om regulering	0,8 daa
GL02	Urnelund	Ikkje krav om regulering	0,4 daa

Kortbaneflyplass

Nye område	Bruksområde	Arealstatus	Areal
FS01	Kortbaneflyplass	Krav om regulering med KU	390 daa

Gang- og sykkelveger

Nye område	Arealstatus	Areal
Gang- og sykkelveg mellom Lemonsjøen alpin og Skårdå camping.	Krav om regulering	Ca. 2400 meter
Vidareføring av gang- og sykkelveg frå Sveaholsvegen til Steindalsvegen.	Krav om regulering	Ca. 160 meter
Vidareføring av ny gangveg frå Kvarbergåsen til Hølvegen.	Krav om regulering	Ca. 1000 meter

LNFR, spreidd bustad

Nye område	Bruksområde	Arealstatus	Areal
SB02 Bårstad	Spreidd bustad	Ikkje krav om regulering	11 daa
SB03 Tolstadløkken	Spreidd bustad	Ikkje krav om regulering	10 daa
SB04 Holongsøyom	Spreidd bustad	Ikkje krav om regulering	6 daa
SB05 Sandbu	Spreidd bustad	Ikkje krav om regulering	4 daa

LNFR, spreidd næring

Nye område	Bruksområde	Arealstatus	Areal
SN01 Pina seter	Spreidd næring	Ikkje krav om regulering	4 daa
SN02 Kalven seter	Spreidd næring	Ikkje krav om regulering. Formalisering av dagens bruk av eigedomen.	9 daa

Bruk og vern av sjø og vassdrag

Nye område	Bruksområde	Arealstatus	Areal
VF01 Vanglandet	Småbåthamn og friluftsområde	Krav om regulering	13 daa
VF02 Isbane Vågavatnet	Vatn og friluftsområde	Ikkje krav om regulering	837 daa

Analyseskjema

Emne	Forhold til ønska eller uønska hending	Aktuelt Ja/nei	Sannsynleghheit	Konsekvens			Risiko	Kommentar
				Liv og helse	Ytre miljø	Økonomiske verdiar/produksjonstap		
1. Naturgitte forhold	Er det område i arealplan som er utsett for:							
	1.1 Snø- jord- og flomskred og steinsprang	Ja	2	2	2	3		Sjå avbøtande tiltak
	1.2 Utgliding av lausmassar	Ja	2	2	2	3		Sjå avbøtande tiltak
	1.3 Flom/oversvømming	Ja	3	1	2	3		Sjå avbøtande tiltak
	1.4 Flom i elv/bekk, også lukka bekk og overvatn	Ja	3	1	2	3		Sjå avbøtande tiltak
	1.5 Radon i grunnen	Ja	5	4	1	1		Sjå avbøtande tiltak
	1.6 Vindutsett	Ja	2	2	2	2		Sjå avbøtande tiltak
2. Infrastruktur	Kan utilsikta /ukontrollerte hendingar, som kan inntreffe på nærliggande transportårar utgjere ein risiko for området							
	2.1 Hendingar på veg	Ja	5	3	2	2		Sjå avbøtande tiltak
	2.2 Hendingar på jernbane	Nei						
	2.3 Hendingar på vatn/elv	Nei						
	2.4 Hendingar i luft	Ja	1	2	2	2		Sjå avbøtande tiltak
	Dersom det går høgspenliner ved/gjennom området:							

	2.5 Blir område påverka av magnetiske felt frå liner?	Ja	3	2	1	2		Sjå avbøtande tiltak
	2.6 Er det spesiell klatrefare med master?	Nei						
	Er det spesielle farar i samband med bruk av transportnettet for gåande, syklende og kjørande innanfor området:							
	2.7 Til forretning/serviceanlegg?	Ja	3	3	1	2		Sjå avbøtande tiltak
	2.8 Til anlegg for idretts- og friluftsområde?	Ja	3	3	1	2		Sjå avbøtande tiltak
	2.9 Til busstopp/kollektivsamband	Ja	3	3	1	2		Sjå avbøtande tiltak
	Brannberedskap							
	2.10 Omfattar området spesielt farlege anlegg	Nei						
	2.11 Har området utilstrekkeleg brannvassforsyning (mengde og trykk)	Nei						
	2.12 Har området berre ein mogleg adkomstrute for brannbil?	Ja	4	3	1	3		Sjå avbøtande tiltak
3. Tidlegare bruk	Er området påverka /forureina frå tidlegare verksemdar?							
	3.1 gamle fyllplassar?	Nei						
	3.2 Skytebane?	Nei						
	3.3 Industriverksemd	Nei						
	3.4 Er området påverka av farlege stoffer (petroliumsprod./kjemikalier?)	Nei						
4. Omgjevnad	4.1 Er det regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	Ja	2	2	1	2		Sjå avbøtande tiltak
	4.2 Er det regulerte vassdrag i nærleiken som kan føre til varierende vasstand i elveløp	Ja	2	1	2	2		Sjå avbøtande tiltak
	4.3 Gir tiltaket auka støybelastning eller er det verksemd i området som kan gi støybelastning?	Ja	3	2	2	2		Sjå avbøtande tiltak
	4.4 Er det naturlege terrengformasjoner som kan utgjere ein fare?	Ja	3	2	1	2		Sjå avbøtande tiltak
5. Ulovleg	Sabotasje og							

verksemd	terrorhandlingar:							
	5.1 Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasjeformål?	Nei						
	5.2 Er det potensielle sabotasje/terrormål i nærleiken	Nei						
6. Naturområde og kulturminne	Kan planen/tiltaket få konsekvensar for:							
	6.1 Vassdragsmiljø	Ja	3	1	2	2		Sjå avbøtande tiltak
	6.2 Kulturlandskapet	Ja	3	1	2	1		Sjå avbøtande tiltak
	6.3 Sårbar flora/fauna, artsforekomstar og naturtypar	Ja	3	1	2	1		Sjå avbøtande tiltak
	6.4 Automatisk freda kulturminne	Nei	2	1	2	2		Sjå avbøtande tiltak
7. Naturressursar	7.1 Kan tiltaket redusere moglegheit for utnytting av mineralske lausmassar og mineralske ressursar?	Nei						
	7.2 Er det drikkevassressursar/ interesse i området, nedbørsfelt og sikringsone for grunnvassressursar	Ja	3	2	2	3		Sjå avbøtande tiltak
8. Strategiske område/fuksjonar	Kan planen /tiltaket få konsekvens for:							
	8.1 Veg, bru, bane, knutepunkt	Nei						
	8.2 Sjukehus, kyrkje	Nei						
	8.3 Brann, politi, sivilforsvar	Nei						
	8.4 Kraftforsyning	Nei						
	8.5 Vassforsyning	Ja	3	2	2	3		Sjå avbøtande tiltak
	8.6 Drikkevassforsyning	Ja						
	8.7 Tilfluktsrom	Nei						
	8.8 Område for idrett/leik	Ja	3	2	2	1		Sjå avbøtande tiltak
8.9 Park- og rekreasjonsområde, turveger/stiger	Ja	3	2	1	1		Sjå avbøtande tiltak	

Konsekvens:	1.Ufarleg	2.Ein viss fare	3.Farleg	4. Kristisk	5.Katastrofal
1.Lite sannsynleg		2.4			
2.Mindre sannsynleg		1.6, 4.1, 4.2, 6.4	1.1, 1.2,		
3. sannsynleg		2.5, 4.3, 4.4, 6.1, 6.2, 6.3, 8.8, 8.9	1.3, 1.4, 2.7, 2.8, 2.9, 7.2, 8.5		
4. Meget sannsynleg			2.12		
5.Svært sannsynleg			2.1	1.5	

Avbøtande tiltak

Med avbøtande tiltak meinast tiltak som kan redusere risiko, førebygging og beredskap. Område med fare, risiko eller sårbarheit er vist som omsynssone i plankartet.

Detaljerte ROS-analysar skal inngå i all arealplanlegging, jf. plan- og bygningsloven. Ved utarbeiding av område- eller detaljregulering skal det utarbeidast ROS-analysar. Normalt er det forslagsstillar som utarbeider ROS-analyse på reguleringsnivå.

Følgjande tema er avsett som risikosoner på plankartet, eller i tematisk kart

- Omsynssone snøskred
- Omsynssone steinsprang
- Omsynssone jord- og flomskred
- Omsynssone flom

Følgjande område er avsett som faresoner i plankart og i tematisk kart (juridisk bindande):

- Omsynssone støy
- Omsynssone kraftline-høgspenningsanlegg
- Omsynssone flomfare Vågåmo
- Omsynssone faresone ras og skred

Følgjande tema er avsett som sone med særlege omsyn:

- Område med særleg verdifullt landbruk
- Område med særleg viktig naturmiljø og omsyn landskap
- Område med særleg verdifullt kulturlandskap/kulturminne
- Omsynssone bevaring naturmiljø

Desse sonen er vist i egne temakart som er juridisk bindande.

Risiko for uønskt hendingar må reduserast ved å utføre tiltak. Nokon tiltak kan redusere sannsyn for at ein uønskt hending oppstår, medan andre tiltak kan redusere konsekvensen av den uønskete hendinga. Nokon hendingar kan ikkje førebyggjast tilstrekkeleg eller utelukkast sjølv om det blir sett i verk tiltak. Mange hendingar og tiltak må avklarast i samband med regulering av eit område eller gjennom behandling av byggesak. Kommunen har sett krav om utarbeiding av reguleringsplan for alle nye byggeområde, slik at dette vil bli fanga opp. For område sett av som LNFR-spreidd busetnad og næring, er det ikkje godkjend område som ligg innanfor fareområde eller område med andre spesielle verdier.

For å finne ut kva for tiltak mot uønskt hendingar som er aktuelle å gjennomføre, legg ein til grunn ulike lover og forskrifter. Kva som kan reknast som akseptabel risiko følgjer til ein viss grad føresegner som er gitt i lover og forskrifter og i føresegner som følgjer kommuneplanens arealdel. Ut over dette er ein del akseptkriterium gitt i ulike veileddarar og retningsliner der faglege og skjønnsmessige vurdering og erfaring blir lagt til grunn.

I kommuneplanen er det mest hensiktsmessige tiltaket å ikkje legge til rette for bygging og aktivitet på kjende fareområde eller i område med spesielle verdier. Dette er gjort i planen og der nye byggeområde ligg innanfor aktsemdsområde for skred og ras er det sett krav om kartlegging/utgreiing på reguleringsplannivå.

Risikoen for hendingar som skogbrann, forureining av drikkevatt, vegtrafikkulykker og utslepp frå offentlege avløpsanlegg m.v blir større som ein følgje av meir folk og meir trafikk. I Vågå kommune er folketalet stabilt, men gjennomfartstrafikken og talet på turistar er stadig aukande. Følgjer av hendingar som straumstans over lengre tid, havari i vassforsyningsanlegg og avløpsanlegg, brot i telesamband og vegnett blir større når fleire blir råka. Dette er tema som må følgjast opp gjennom generelt ROS-arbeidd.

Hending	Planlagd arealbruk og aktuelle tiltak	Akseptkriterie
Radon 1.5	Radonverdier over tiltaksgrense kan førekomme i heile kommunen. Byggteknisk forskrift stille krav om tiltak mot radon i samband med nye bygg for opphald. Jamfør byggteknisk forskrift § 13-5 skal det for nye byggverk gjennomførast tiltak mot inntrenging av radon, og leggjast til rette for ev. ytterlegare tiltak ved behov.	<ul style="list-style-type: none"> • TEK 10 § 13-5
Hendingar på veg 2.1	Det er i planforslaget lagt inn trase for ny gang- og sykkelveg langs Fv.51 og Fv. 452. Det er lagt inn utbetring av strekningar langs rv. 15 som er regulert. Kryssutbetringar blir vurdert ved regulering og søknad om	<ul style="list-style-type: none"> • Rammeplan for avkøyrslar langs fylkesvegane. • Kp. føresegn. § 4.1 • Kp. føresegn § 5. 1

	avkjørselsøyve. Utbetring av veger og etablering av løysingar for mjuke trafikkantar, kan sikrast med rekkefølgekrav ved regulering.	<ul style="list-style-type: none"> • Kp. føresegn § 6.1.1 • Kp. føresegn § 10.1
Brannberedskap 2.12	Det er nokre område for fritidsbustader som berre har ein adkomstveg. Brannvassforsyning er ivareteke gjennom tankbil og lokalt vatn. Det må takast omsyn til brannberedskap og adkomstveg ved utarbeiding av reguleringsplan.	<ul style="list-style-type: none"> • Forskrift om brann- og eksplosjonsvern § 5-4 og 5-5. • Kp. føresegn § 5.1

Hending	Planlagt arealbruk og aktuelle tiltak	Akseptkriterie
Flom/ Oversvømming 1.3	Byggeområde Brustugu vil kunne råkast av flom frå Vågåvatnet ved ein 200 års flom. Det må takst omsyn til dette ved utarbeiding av reguleringsplan for området.	<ul style="list-style-type: none"> • TEK 10 § 7.2 • PBL § 28-1 • Kp. føresegn § 5.1 • Kp. føresegn § 9.4.4
Flom i elv/bekk, lukka bekk, overvatn 1.4	Det må takast omsyn til mindre bekker/elver og overvatn ved regulering og byggesaksbehandling. Vassdrag og sidevassdrag som er vurdert som problematiske pga. massetransport og risiko for stor vassføring er vist i tematisk kartutsnitt flomfare. Overvatn kan vere ein utfordring i alle byggeområde. Fortetting i sentrumsnære område kan vere utfordrande. Det er innarbeidd eigne føresegner for overvatn i kommuneplanen. Revidert hovudplan for vatn- og avlaup vil legge føringar for mellom anna handtering av overvatn.	<ul style="list-style-type: none"> • TEK 10 § 7.2 • TEK10 kap. VI • PBL § 28-1 • Kp. føresegn § 4.2 • Kp. føresegn § 5.1 • Kp. føresegn § 6.1.13 • Kp. føresegn § 13.1
Bruk av transportnett 2.7 , 2.8, 2.9	I samband med utbygging av nye byggeområde kan det oppstå auke på kapasitet og behov for å auke standard på vegnettet. Dette er truleg eit lite problem i Vågå. Nye byggeområde som er lagt inn i kommuneplanen har tilgang til fylkesveg og riksveg.	<ul style="list-style-type: none"> • Rammeplan for avkjørsel langs fylkesvegane • Kp. føresegn § 10.1
Vassforsyning 7.2, 8.5	Det er avsett omsynssoner/restriksjonssoner for alle dei kommunale vassverka med tilhøyrande retningsliner. Utbygging av VA-leidningar er naudsynt for nokre nye byggeområde. Rekkefølgekrav og utbyggingsavtale kan fastsettast ved regulering.	<ul style="list-style-type: none"> • Forskrift om vassforsyning og drikkevatt • Kp. føresegn 14.6

Hending	Planlagt arealbruk og aktuelle tiltak	Akseptkriterie
Snø- jord- og flomskred og steinsprang 1.1	Store delar av kommunen ligg innanfor aktsemdsområde for snø-, jord- og flomskred. Det er foreslått nye byggeområde innanfor nokre område som er råka av desse sonene. Det er her sett krav om faresonekartlegging ved utarbeiding av reguleringsplan. Det er ikkje foreslått nye byggeområde innanfor område som er faresonekartlagt.	<ul style="list-style-type: none"> • TEK 10 § 7-3 • PBL § 28-1 • Kp. føresegn § 14.2 • Kp. føresegn § 6. 1. 3
Utgliding av lausmasse 1.2	Nokre nye byggeområde ligg i bratt terreng og det kan vere naudsynt med geotekniske vurderingar for å redusere risikoen for utgliding. Det må gjerast ei vurdering på reguleringsplannivå og/eller byggesaksbehandling, der det ikkje er krav om regulering (LNF-spreidd bustad)	<ul style="list-style-type: none"> • TEK 10 § 7-1 • PBL § 28-1 • Kp. føresegn § 14. 2
Vind 1.6	Skader på bygg og infrastruktur som følgje av vindfall av tre kan førekomme.	<ul style="list-style-type: none"> • Tek 10 § 7-1
Hendingar i luft 2.4	Det er planlagt kortbaneflyplass på Grov. Det er i føresegnene til arealdelen sett krav om utarbeiding av reguleringsplan med konsekvensutgreiing.	<ul style="list-style-type: none"> • Kp. føresegn § 10. 2
Elektromagnetisk felt 2.5	Dei store eksisterande kraftlinene er vist på plankartet, med reservert korridor på 100 meter for 300 og 132 kV (kilovolt) som faresone med tilhøyrande planføresegn.	<ul style="list-style-type: none"> • Statens strålevern • Kp. føresegn § 14. 5
Regulerte vassmagasiner eller vassdrag 4.1 og 4.2	Nye byggeområde ved Tessosen ligg nært opp til regulert vassdrag. Det må takst omsyn til dette ved regulering av område.	<ul style="list-style-type: none"> • Lov om vassdrag og grunnvatn • TEK 10 § 7.2 • Kp. føresegn § 13. 1
Støy 4.3	Trafikk i samband med næringsetablering, nye bustadområde og fortetting kan gje auka støybelastning for eksisterande busetnad. Det er lagt inn nokre nye område for uttak av råstoff og det kan oppstå støy frå desse område. Det er sett krav om utarbeiding av støyanalyse for desse område. Krav til tiltak mot støy må innarbeidast i reguleringsplanprosessen.	<ul style="list-style-type: none"> • TEK 10 § 13-9 • Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging T-1442 • Forurensningsforskriften kap. 5 • Kp. føresegn § 9. 10.1 • Kp. føresegn § 14. 1
Naturlege terrengformasjoner 4.4	Naturlege terrengformasjoner. Det er fleire høge skrentar i Vågå og nokre av desse ligg ikkje langt frå byggeområde. Kan utgjere ein viss fare i samband med	<ul style="list-style-type: none"> • TEK 10 § 7.3 • PBL § 28-1

	barn sin leik og utøving av friluftsliv.	
Vassdragsmiljø 6.1	Det er byggeforbodssone på 100 meter til dei verna vassdraga Finna og Sjoa og 50 meter til dei andre vassdraga. Langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring, skal det haldast oppe eit naturleg vegetasjonsbelte på 10 meter som motverke avrenning og som fungerer som levestad for planter og dyr	<ul style="list-style-type: none"> • Vannressursloven kap. 2 • PBL § 1-8 • Naturmangfaldloven § 6 • Forurensingsforskriften • Kp. føresegn § 6. 1.3 • Kp. føresegn § 7. 4 • Kp. føresegn § 13.1
Kulturlandskap 6.2	Det skal takast omsyn til kulturlandskapet ved utarbeiding av reguleringsplan for nye byggeområde. Område med særleg viktig kulturlandskap er vist som omsynssone H570 i plankartet.	<ul style="list-style-type: none"> • TEK 10 § 9-4 • Jordlovens § 9 og 12 • Kp. føresegn § 15. 3 • Kp.føresegn § 15. 1 og 15. 3 • Kp. føresegn § 7. 2 • Kp. føresegn § 8. 1
Sårbar flora/fauna, artsførekomstar og naturtypar 6.3	Alle nye byggeområde er vurdert opp mot naturbase og artskart. Det er utført ein oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald, jf. naturmangfaldloven for området FT02 Randsverk camping. Førekomstar av sårbare artar som ikkje er kjend kan ikkje utelukkast, og det kan bli stilt krav om nærare utgreiing på reguleringsplannivå. Kommunen har utarbeidd eit eige tematisk kart for naturtypar som er juridisk bindande.	<ul style="list-style-type: none"> • Naturmangfoldloven § 4-12 • Forskrift om utvalde naturtypar • TEK 10 § 9-4 • Kp. føresegn § 15. 2
Område for idrett/leik 8.8	B04 Lalm sentrum II. Området er i gjeldande reguleringsplan avsett til park/leikeplass/ljosløype, ski/akebakke. Arealet er ikkje i bruk til det. Da det vart gjennomført barnetrakkregistreringar i 2012 var det ingen registreringar innanfor området. Det er etablert ljosløype i nærleiken til området og delar av denne skal asfalterast for rulleskibane. Det ligg skateplass i nærleiken, idrettsbane og ishockeybane. Det er difor god tilgang på leikeareal til barn i området. Det er også god tilgang på urørt skogsareal ettersom heile området grenser til skogsmark. Utbygging vil difor ikkje redusere barn og unge sine moglegheiter for friluftaktivitetar og leik i nærområdet. Det er difor ikkje nødvendig å finne eit erstatningsareal ettersom arealet aldri har vore opparbeidd til det formålet som det er regulert til i gjeldane reguleringsplan.	<ul style="list-style-type: none"> • Rikspolitiske retningsliner for barn og unge • Kp. føresegn § 6. 3

	Det er sær s god tilgang til opparbeidd og tilrettelagt idretts- og leikeareal i nærområdet. Ny og endra arealbruk omfattar ikkje nye område for idrett.	
Park- og rekreasjonsområde, turveger og stiger 8.9	I samband med konsekvensutgreiing av einskilde byggeområde, er det gjort vurderingar med omsyn til nærmiljø, friluftsliv og barn og unge. Det er utarbeidd føresegn om grønstruktur.	<ul style="list-style-type: none"> • Kp. føresegn § 11. 1

Samla vurdering

Det er brukt omsynssoner med tilhøyrande føresegn og retningsliner for å ta vare på regionale og nasjonale verdiar.

Det er berre plassert nokre nye byggeområde på areal med registrert fare, men det er da sett krav om kartlegging/utgreiing av reel fare ved utarbeiding av reguleringsplan. Byggeområde er plassert utanfor sårbare område, unnataket er plassering av framtidig område tenestebustad og lager ved Maurvangen TB/L01.

Etter ei samla vurdering av planforslaget, finn ein at det er tatt omsyn til overordna omsyn, retningsliner og føresegn. Det er særleg viktig for Vågå kommune å legge til rette for eit variert bustadtilbod, men at det blir tatt omsyn til endringar i samfunnet. Stadig fleire, særleg eldre, vil bu sentralt i sentrum. Det er tatt omsyn til dette i planforslaget ved at det er lagt til rette for fleire område i sentrum av Vågåmo som kan byggjast ut til rekkehus/leilegheiter ved å bruke arealformålet sentrumsformål.

Plandokument

Planmaterialet til kommuneplanen for Vågå kommune 2017–2027:

- Plankart med juridisk verknad
- Temakart med juridisk verknad
- Temakart som ikkje har juridisk verknad
- Føresegn og retningsliner
- Planskildring med ROS-analyse
- Konsekvensutgreiing
- Behandling av merknader etter 1. gongs høyring
- Behandling av merknader etter 2. gongs høyring
- Behandling av merknader etter 3. gongs høyring
- Arealrekneskap
- Supplerande naturtypekartlegging Randsverk
- Rapport barnetrakk
- Utgreiing av gang- og sykkelveg mellom Lemonsjøen alpin og Skårdå camping
- Handelsanalyse
- Landskapsanalyse